ØY GARD EN

- eit fyrtårn i vest

Handlings- og økonomiplan 2027 – 2030
Budsjett 2027

Kommunedirektøren sitt forslag



Innhaldsliste

Kommunedirektøren sin innleiing 3
Økonomiplanen på 1-2-3 4
Frå mål til handling 8
Budsjettvedtak 14
Folketalsutvikling 26
Samfunnstryggleik og beredskap 38
Organisering 39
Framlegg til statsbudsjett 42
Hovudtala i budsjettframlegget 48
Økonomisk utvikling og handlingsreglar 63
Medlemskap og søknadar 67
Investeringar i økonomiplanen 71
Politisk 81
Kommunedirektør 83
Finans og økonomi 86
Organisasjon og beredskap 92
Helse og velferd 97
Oppvekst 106
Samfunnsutvikling 118

Kommunedirektøren sin innleiing



Ansvar for framtida

Øygarden er ein kommune med store moglegheiter. Vi har sterke lokalsamfunn, eit mangfaldig næringsliv og engasjerte innbyggjarar som kvar dag er med på å utvikla kommunen vår.

Dei komande åra står vi framfor viktige vegval. Fleire eldre vil ha behov for helse- og omsorgstenester, medan mange barn og unge treng støtte, oppfølging og tilrettelagde tenester frå kommunen. Dette er behov vi både må, og skal møta. Samstundes ønskjer vi å utvikla lokalsamfunna våre gjennom investeringar i skular, helsebygg og annan infrastruktur som skal koma både dagens innbyggjarar og framtidige generasjonar til gode.

Utfordringa er at vi ikkje kan prioritera alt på same tid. Nødvendige investeringar bind opp ressursar som elles kunne vore nytta til tenester her og no. Samstundes kan for låge investeringar i dag svekkja evna vår til å møta framtidige behov. Difor handlar dette budsjettet om å finna ein berekraftig balanse mellom behova vi må møta i dag, og løysingane vi må byggja for morgondagen.


Dei vala vi gjer no, vil få verknader langt utover den komande budsjettperioden. Difor må vi forvalta ressursane våre med klokskap, omtanke og langsiktig perspektiv. Målet er å sikra gode tenester til innbyggjarane, leggja til rette for berekraftig utvikling og ta vare på kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Øygarden har gode føresetnader for å møta framtida. Med kompetente medarbeidarar, aktive lokalsamfunn og eit framtidsretta næringsliv skal vi halda fram arbeidet med å utvikla kommunen til beste for innbyggjarane, både i dag og i åra som kjem.

Straume, 1. november 2026.

Johnny Breivik
kommunedirektør

Økonomiplanen på 1-2-3



Kva er ein økonomiplan?

Kvar haust legg kommunedirektøren fram ein plan for kommunestyret om kva kommunen skal gjera og bruka pengar på dei neste fire åra. Dette er økonomiplanen til kommunen. Kommunestyret behandlar forslaget til kommunedirektøren, og vedtek endeleg økonomiplan i desember.


Å utarbeida ein økonomiplan er ei lovpålagt oppgåve for ein kommune, jf. Kommunelova § 14-2. Økonomiplanen skal omfatta heile verksemda til kommunen og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen til kommuneplanen. Det betyr at vi i økonomiplanen skal konkretisera satsingsområda i samfunnsdelen, og visa korleis vi skal prioritera på kort sikt for å nå måla i samfunnsdelen. Økonomiplanen har eit fireårig perspektiv, og vert rullert årleg. Årsbudsjettet er første år i økonomiplanen, og er bindande for kommunen.

Gjennom økonomiplanen får kommunen oversyn over det økonomiske handlingsrommet, og kan gjera prioriteringar av ressursbruken til ulike føremål innanfor kommunelova sitt krav til økonomisk balanse. Økonomiplanen skal vera saldert i heile 4-årsperioden.

Det kommunale plansystemet

Plansystemet til kommunen blir ofte illustrert slik det kjem fram av følgjande figur:



Plansystemet er det viktigaste verktøyet vi har for å sikra oppfølging av politiske mål og vedtak. Som figuren illustrerer, er samfunnsdelen til kommuneplanen det overordna strategiske styringsdokumentet til Øygarden kommune. Vedtak i kommunestyret skal basera seg på eller referera til desse langsiktige og felles måla, også når det oppstår akutte saker. For at det kommunale plansystemet skal fungera effektivt, må det også vera ei god kopling mellom samfunnsdelen og økonomiplanen. I Øygarden kommune er økonomiplanen handlingsdelen til samfunnsdelen. Økonomiplan og årsbudsjett blir då sentrale dokument, som skal leggja til rette for å realisera dei prioriteringane som kjem fram av vedtekne overordna planar.

Planstrategien skal avklara kva planoppgåver som skal prioriterast i kvar enkelt kommunestyreperiode for å nå dei prioriterte måla. Øygarden kommune rullerte sin planstrategi i 2024.

Korleis følgjer vi opp planen ?

Verksemdsplanar er eit viktig administrativt verktøy for å sikra samanheng mellom mål i samfunnsdelen, prioriteringar i økonomiplanen og konkrete oppfølging i den daglege drifta. Gjennom heilskapleg verksemdsstyring skal vi både sikra effektiv drift og gode tenester til innbyggjarane, samtidig som vi ivaretek naudsynt utviklingsarbeid og innovasjon i tråd med behov til samfunnet og innbyggjarane våre.

Verksemdsstyring omfattar all aktivitet knytt til leiing, planlegging og styring av drifts- og utviklingsoppgåver, og skal sikra:

- leveranse av tenester med god kvalitet

- målretta og effektiv drift
- etterleving av lover og forskrifter
- oppfølging av politiske og administrative vedtak, prioriteringar og mål
- risikoreduksjon gjennom målretta internkontroll
- systematisk læring
- kontinuerleg forbetring og utvikling

Hovudelementa i den heilskaplege verksemdsstyringa er plan, styring og utvikling.

Plan: Gjennom god planlegging legg vi grunnlaget for utviklinga av organisasjonen i eit langsiktig perspektiv. Basert på kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete vert langsiktige mål og strategiar definert. Prioriteringane vert operasjonalisert i økonomiplanen.

Styring og rapportering: Gjennom god styring sikrar vi implementering og oppfølging av vedtekne planar. God styring skal også sikra kontroll, rapportering og kontinuerleg forbetring i verksemda basert på mål- og resultatstyring, internkontroll og risikostyring.

Utvikling: Systematisk utviklingsarbeid er nødvendig for å finna gode og berekraftige løysingar i møte med komplekse samfunnsutfordringar. Utviklings- og innovasjonsarbeidet i kommunen må bygga på utfordringsbileta til kommunen, overordna strategiar og mål.



Slik les du økonomiplanen

Dokumentet du no les er kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2027-2030 og budsjett 2027. Her finn du budsjettet for 2027, økonomiplan for åra 2027-2030 og oppdraga som kommunen skal arbeida med i fireårsperioden for å nå måla i samfunnsdelen til kommuneplanen. Det betyr at dokumentet er handlingsdelen til kommuneplanen, der måla frå samfunnsdelen er brote ned i mindre og meir konkrete oppdrag som skal gjennomførast i perioden. Desse har igjen betydning for kva vi prioriterer å bruka pengane på. Slik sørgjer vi for at store og overordna samfunnsmål vert brote ned i konkrete handlingar - derav namnet handlingsdel.

Budsjettdokumentet består av fire hovuddelar:

1. Grafikk og nøkkeltal som gir deg eit raskt overblikk over kor mykje pengar kommunen bruker på ulike område. Her kan du også gjera filtreringar for å få fram informasjonen du leiter etter
2. Innleiande kapittel (som til dømes det som du no les)
3. Sjølve budsjettet og økonomiplanen som viser drifts- og investeringsbudsjett for heile kommunen
4. Tenesteområda til kommunen, som også viser korleis budsjettet er fordelt på dei ulike tenesteområda. Her kan du lesa meir om kva dei ulike tenesteområda gjer, kva dei ønsker å oppnå i perioden, og kva konkrete oppdrag dei skal prioritera.

Praktiske tips og informasjon:

- Du finn mykje av informasjonen tilgjengeleg fleire stadar, og i ulike format. Dette gjer at du enkelt kan finna informasjonen du leiter etter – enten det er å få eit overblikk, eller å utforska nokre detaljar nærare.
- Du kan navigera mellom dei ulike kapitela frå framsida, eller menypunktet øvst til høgre. Dersom du leiter etter noko spesielt, kan du bruka søkjefunksjonen som også er plassert øvst til høgre.
- Tabellar og grafiske element inneheld meir informasjon dersom du trykker på dei.

Frå mål til handling



Hovudmåla til Øygarden kommune

Samfunnsdelen til kommuneplanen vart vedteken 24. mars 2022. Samfunnsdelen er det viktigaste styringsverktøyet til kommunen og viser korleis vi skal utvikla tenestene og leggja til rette for god samfunnsutvikling fram mot 2034. Visjonen for Øygarden kommune er

Øygarden - eit fyrtårn i vest

Visjonen om å vera eit fyrtårn i vest er eit løfte til innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og frivillige om at kommunen skal vera ein framtidsretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er bygd opp rundt fem hovudmål:

1. Øygarden er ein god stad å bu
2. Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet
3. Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn
4. Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn
5. Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ

Berekraftsmåla til FN er eit viktig grunnlag for måla i samfunnsdelen. Alle berekraftsmåla er viktige, men i dei politiske prosessane som leda fram til samfunnsdelen, vart desse berekraftsmåla løfta fram for særleg merksemd i utviklinga av kommunen vår:



Alt kommunen gjer, skal støtta opp om dei overordna måla. Både måla og leveransane er eigde av heile kommunen. Berekraftsmål 17, samarbeid for å nå måla, er difor heilt sentralt: Kommuneorganisasjonen skal innretta arbeidet sitt slik at kommunen i sum bidreg til måloppnåing.



Frå mål til handling - hovudprioriteringar

Øygarden kommune står i ein periode med strammare økonomiske rammer, fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder. Dette krev tydelege prioriteringar og nye arbeidsmåtar. I økonomiplanen for 2027–2030 har kommunedirektøren difor prioritert dei måla og strategiane frå samfunnsdelen som er viktigast for å møta desse utfordringane. Dette kapittelet gir ei samla framstilling av utfordringane og prioriteringane. Kapitla for kommunalsjefsområda omtalar satsingane og dei konkrete oppdraga nærare.

Demografi, helse og velferd

Støttar hovudmåla: - God stad å bu - God livskvalitet .

Øygarden får fleire eldre og færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder. Behovet for helse- og omsorgstenester aukar samstundes som tilgangen på arbeidskraft vert mindre. Kommunen må difor både byggja opp kapasiteten i tenestene og utvikla nye arbeidsmåtar.

Kommunen prioriterer å byggja ut kapasiteten innan heildøgns omsorg. Det er planlagt 40 nye omsorgsbustader i samarbeid med private, med ferdigstilling i 2028. Kommunen har òg sett av investeringsmidlar til ein ny sjukeheim på Straume med 80 plassar, planlagt opna i 2030. Teneste-, drifts- og bemanningsmodellar for den nye sjukeheimen er under førebuing. Fleire av omsorgsbustadene i Hidlamyrsvegen skal takast i bruk som heildøgnsplassar, og arbeidet omfattar òg omsorgsbustader for unge vaksne og andre bustadprosjekt innan omsorg.

Samstundes skal fleire kunna bu heime lenger gjennom førebygging, meistring og styrkte heimetenester. Kommunen vil auka bruken av velferdsteknologi og digitale tenester i 2027 og halda

fram arbeidet med digital heimesjukepleie og digital oppfølging. Eit innsatsteam i heimetenesta skal gi eit tidsavgrensa og forsterka tilbod til pasientar som treng det for å klara seg heime. Det kan vera i overgangen mellom sjukehus og heim, frå korttidsopphald til heim, eller for å hindra innleggingar når tilstanden til heimebuande forverrar seg.

Som følgje av lågare barnetal skal kommunen gjennomføra demografijusteringar i barnehage og skule og tilpassa organiseringa og kapasiteten til den venta utviklinga.

Økonomi, omstilling og digitalisering

Støttar hovudmålet: - Handlekraftig og innovativ kommune.

Strammare økonomiske rammer krev effektiv ressursbruk og nye arbeidsmåtar. Kommunen held fram arbeidet med omstilling og effektivisering gjennom betre utnytting av bygg og areal, samlokalisering av arbeidsplassar og ny kontorstruktur på Solsio og i kommunedelsentra. Administrative kostnader skal reduserast, og fleire tenesteområde skal gjennomføra effektiviseringstiltak.

For å styrkja den økonomiske berekrafta legg kommunen opp til ei årleg avsetning på om lag kr 50 mill til disposisjonsfondet. Målet er å byggja opp fondet til meir enn 5 prosent av brutto driftsinntekter.

Digitalisering og kunstig intelligens er viktige verkemiddel i omstillingsarbeidet. Kommunen har sett av kr 2 mill i planperioden til utviklingsarbeid som skal gi meir effektive arbeidsprosessar og betre tenester. Kommunen skal vidareutvikla digitale tenester, leggja til rette for heildigital saksbehandling og styrkja bruken av velferdsteknologi, mellom anna gjennom ein eigen velferdsteknologirådgjevar.

Samstundes skal kommunen styrkja IKT-infrastrukturen, informasjonstryggleiken og beredskapen for å møta eit meir samansett trusselbilete og sikra stabile tenester.

Barn og unge - tidleg innsats og inkludering

Støttar hovudmåla: - God livskvalitet - Kompetent, innovativt og produktivt samfunn.

Fleire barn og unge treng spesialpedagogisk hjelp, helsetenester og samordna oppfølging. Samstundes ser kommunen utfordringar knytt til psykisk helse, skulefråvær og utanforskap.

Kommunen vil vidareføra satsinga på inkluderande pedagogikk, slik at barn som treng særskild oppfølging, kan få hjelp i fellesskapet i barnehagen og skulen. Landsbymodellen, der elevar med særskilde behov går i spesialtilpassa avdelingar på ein ordinær skule, skal støtta opp om inkluderande lærings- og oppvekstmiljø.

BTI (Betre tverrfagleg innsats), ein modell for samordna hjelp på tvers av tenestene, og stafettloggen skal sikra at barn, unge og familiar får tidleg og samordna hjelp. Familiehjelpa, PPT og

familiehelsetenesta skal samarbeida tettare for å gi eit meir heilskapleg tilbod. Det skal arbeidast vidare med utprøving av ein modell for heilskapeleg oppfølging av utsette familiar.

Kommunen vil vidareføra lesesatsinga i skulen og arbeidet som språkkommune. Innsatsen mot bekymringsfullt skulefråvær skal styrkjast, og programmet «Trygt og godt» skal halda fram. Foreldrestøtte, tidleg innsats og gode oppvekstmiljø skal førebyggja utanforskap og sikra at fleire barn og unge får rett hjelp til rett tid.

Psykisk helse, levekår og bustadsosialt arbeid

Støttar hovudmåla: - God stad å bu - God livskvalitet.

Fleire barn, unge og vaksne opplever psykiske helseutfordringar, einsemd og utanforskap. Samstundes ser kommunen utfordringar knytt til fattigdom, låg deltaking i arbeidslivet og behov for fleire eigna bustader.

Kommunen vil vidareføra FamiliePluss, som byggjer på metoden «Nye mønstre – Trygg oppvekst». Målet er å styrkja ressursane til familiar med vedvarande låg inntekt og gi tidleg og samordna støtte.

Gjennom individuell jobbstøtte (IPS), som hjelper personar med psykiske helseutfordringar ut i ordinært arbeid, og målretta arbeid i NAV skal fleire koma i arbeid eller aktivitet. Kommunen vil òg tilby sommarjobb for ungdom for å gi arbeidserfaring og stimulera til framtidig rekruttering.

Det bustadsosiale arbeidet skal styrkjast gjennom vidareutvikling av bustadkontoret, fleire robuste bustadløysingar og vidareføring av Housing First. Målet er at personar med samansette utfordringar skal få stabile buforhold og nødvendig oppfølging.

Rekruttering, kompetanse og arbeidsmiljø

Støttar hovudmåla: - Kompetent, innovativt og produktivt samfunn - Handlekraftig og innovativ kommune.

Kommunen opplever aukande konkurranse om kvalifisert arbeidskraft, særleg innan Helse og velferd og Oppvekst. Samstundes er sjukefråværet framleis høgt i fleire tenesteområde.

Gjennom TØRN, servicemedarbeidarar, oppgåvedeling og sentral bemanningsplanlegging skal kommunen nytta kompetansen meir målretta og få betre bruk av arbeidskrafta. Programmet «Digital transformasjon» skal styrkja evna til å leia endrings- og utviklingsarbeid, og satsinga «Effektive leiargrupper» skal vidareutvikla samhandling, leiing og gjennomføringsevne.

Kommunen vil vidareføra systematisk oppfølging av sjukefråvær og styrkja kompetansen til leiarane. Arbeidet med Safe Choice og heiltidskultur held fram, og det skal gjennomførast arbeidsmiljø- og trivselstiltak i samband med omstilling og flytting.

Areal, klima, eigedom og infrastruktur

Støttar hovudmåla: - God stad å bu - Kompetent, innovativt og produktivt samfunn - Klima- og miljøvenleg samfunn.

Kommunen må balansera vekst og utvikling mot omsynet til natur, klima og jordvern. Arealdelen til kommuneplanen er eit av dei viktigaste strategiske grepa i planperioden og skal leggja til rette for berekraftig arealbruk, klimaomstilling og vern av natur.

Kommunen held fram arbeidet med klima- og energiplanen og kulturmiljøplanen. Bilparken skal elektrifiserast vidare, LED-lys skal takast i bruk i bygg og veglys, og arbeidet med klimatilpassing og energieffektivisering skal styrkjast.

Den kommunale eigedomsmassen har eit stort vedlikehaldsetterslep. Kommunen vil difor styrkja det verdibevarande vedlikehaldet og investera i ventilasjonsanlegg, tak, fasadar og energieffektivisering. Tilstandskartlegging, vedlikehaldsplanar, arealeffektivisering og ein tydeleg eigedomsstrategi skal gi grunnlag for betre prioriteringar.

For å leggja til rette for vekst og verdiskaping vil kommunen halda fram utviklinga av Sotra Kystby og styrkja Straume som regionalt kraftsenter for næringsliv, tenester og bustadutvikling. Bildøyvegen, Straumsundet bru og områdereguleringane på Bildøy, Branndalsåsen, Straume sentrum nord og Forlandsvågen skal støtta opp under vidare vekst og næringsutvikling. Tettare samarbeid mellom næringslivet, utdanningsmiljøa og kommunen skal gi fleire arbeidsplassar og berekraftig verdiskaping.

Samordning og gjennomføring

Støttar hovudmålet: - Handlekraftig og innovativ kommune.

Omfattande drift, sårbar bemanning og aukande krav til prosjekt- og utviklingsarbeid gjer det nødvendig å styrkja samhandlinga på tvers av kommunen.

Kommunen vil vidareutvikla heilskapleg verksemdsstyring gjennom oppdragsstyring og digitale verksemdsplanar. Kvalitetsdialogar i Oppvekst skal bidra til læring, utvikling og betre samhandling, og tverrfaglege arbeidsformer skal styrkja samarbeidet på tvers av fagområde og tenester. Digitale plattformar skal gjera det enklare å samarbeida med frivillige, næringsliv og andre aktørar.

Oppsummering – hovudprioriteringar

Dei viktigste prioriteringane i økonomiplanen er retta mot fem område:

1. **Framtidig omsorgskapasitet:** 40 nye omsorgsbustader, ny sjukeheim på Straume med 80 plassar og styrkte heimetenester gjennom innsatsteam og velferdsteknologi.
2. **Omstilling, digitalisering og økonomisk berekraft:** Effektivisering, heilskapleg verksemdsstyring, satsing på digitalisering og kunstig intelligens og ei årleg avsetning på om lag kr 50 mill til disposisjonsfondet.
3. **Tidleg innsats og inkludering:** Samordna hjelp til barn, unge og familiar, spesialpedagogikk, psykisk helse, skulefråvær og bustadsosialt arbeid.
4. **Arbeidskraft og kompetanse:** Rekruttering, betre bruk av personellressursane og lågare sjukefråvær.
5. **Langsiktig samfunnsutvikling:** Arealdel, klimaomstilling, eigedomsforvaltning, næringsutvikling, regionsenter og investeringar i viktig infrastruktur.

Korleis jobbar vi for å nå måla?

Kommunalsjefsområda arbeider systematisk for å nå måla ved at prioriterte mål og strategiar frå samfunnsdelen vert brotne ned i oppdrag. Oppdraga er utgangspunktet for prioriteringane, aktivitetane og det målretta arbeidet til kommunalsjefsområda og einingane i økonomiplanperioden. Under kvart kommunalsjefsområde kan du lesa om oppdraga og kva mål og strategiar i samfunnsdelen dei er knytta til.

Kommunen følgjer med på om vi er på rett veg mot dei politisk vedtekne måla på tre måtar:

- Kvartalsvis: status på oppdraga i økonomiplanen.
- Månadleg og kvartalsvis: rapportering på utvalde nøkkeltal.
- Årleg: rapportering på indikatorar i årsmeldinga. Indikatorane viser om oppdraga og aktivitetane gir ønskte resultat.

Budsjettvedtak



Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til driftsbudsjett 2027 og handlings- og økonomiplan 2027-2030 slik det ligg føre.
2. Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett 2027 og handlings- og økonomiplan 2027-2030 slik det ligg føre.
3. Skatt til kommunen vert utskrive med maksimalsatsane.
4. Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til diverse investeringar med kr 360 mill i 2027.
5. Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til vidare utlån (startlån) med kr 130 mill i 2027.
6. Med heimel i eigedomsskattelova (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2027. For eigedomsskatteåret 2027 skal det skrivast ut eigedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. esktl § 4 tredje ledd.

   Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2027 er 7 promille, jf esktl § 11 første ledd.

   Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2027, jf. esktl § 10.

   Eigedomsskatten vert skriven ut i fire terminar jf. esktl § 25 første ledd.

   Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2023.

7. Gebyr og brukarbetaling, som vist i budsjettet, vert gjort gjeldande for budsjett 2027.
8. Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 36 733 000 for 2027. I tillegg vert reinhaldstenester (verdi kr 1,3 mill) gjeve som tenesteyting.
9. Øygarden kommunestyre vedtek budsjett for kontrollutvalet, kr 2 153 000, for 2027 i tråd med framlegg frå kontrollutvalet.
10. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lønsreserven i samsvar med resultatet av lønsforhandlingane i 2027.

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Rammetilskot	-1 409 624	-1 467 023	-1 487 698	-1 533 000	-1 533 000	-1 533 000	-1 533 000
Skatt på inntekt og formue	-1 605 263	-1 675 000	-1 677 500	-1 791 000	-1 791 000	-1 791 000	-1 791 000
Eigedomsskatt	-183 298	-184 000	-184 000	-184 000	-184 000	-184 000	-184 000
Andre overføringar og tilskot frå staten	-157 570	-165 900	-165 900	-112 200	-142 900	-115 000	-157 600
Overføringar og tilskot frå andre	-438 837	-289 472	-376 809	-289 453	-292 473	-292 693	-292 254
Brukarbetalingar	-84 783	-74 996	-80 118	-83 195	-83 198	-83 238	-83 255
Sals- og leigeinntekter	-92 475	-94 435	-98 299	-93 205	-93 205	-93 205	-93 205
Sum driftsinntekter	**-3 971 850**	**-3 950 826**	**-4 070 324**	**-4 086 053**	**-4 119 776**	**-4 092 136**	**-4 134 314**
Utgifter til løn	2 042 285	2 029 902	2 087 321	2 127 891	2 119 757	2 107 383	2 135 095
Sosiale utgifter	495 698	506 670	523 917	518 401	516 628	512 433	510 247
Kjøp av varer og tenester	910 228	900 159	938 280	940 620	947 880	948 715	947 567
Overføringar og tilskot til andre	277 321	266 523	268 789	278 205	266 575	266 669	266 469
Avskrivingar	155 036	166 000	166 000	167 000	167 000	167 000	167 000
Sum driftsutgifter	**3 880 568**	**3 869 253**	**3 984 307**	**4 032 117**	**4 017 840**	**4 002 200**	**4 026 378**
Brutto driftsresultat	**-91 282**	**-81 574**	**-86 017**	**-53 937**	**-101 937**	**-89 937**	**-107 937**
Renteinntekter	-52 051	-52 186	-52 186	-67 136	-67 136	-67 136	-67 136
Utbytte	-35 918	-35 800	-36 800	-69 600	-36 600	-36 600	-36 600
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	-20 150	-17 000	-17 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Renteutgifter	183 182	185 000	185 000	212 000	219 500	201 500	210 500
Avdrag på lån	107 127	109 000	109 000	115 500	121 000	129 000	133 000
Netto finansutgifter	**182 191**	**189 014**	**188 014**	**170 764**	**216 764**	**206 764**	**219 764**
Motpost avskrivingar	-155 036	-166 000	-166 000	-167 000	-167 000	-167 000	-167 000
Netto driftsresultat	**-64 127**	**-58 560**	**-64 003**	**-50 173**	**-52 173**	**-50 173**	**-55 173**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	24 799	0	16 510	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-27 959	-1 440	-10 307	-1 827	-1 827	-1 827	-1 827
Avsetningar til disposisjonsfond	67 627	60 000	60 000	52 000	54 000	52 000	57 000
Bruk av disposisjonsfond	-340	0	-2 200	0	0	0	0

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	**64 127**	**58 560**	**64 003**	**50 173**	**52 173**	**50 173**	**55 173**
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Rammetilskot	-1 409 624	-1 467 023	-1 487 698	-1 533 000	-1 533 000	-1 533 000	-1 533 000
Inntekt- og formuesskatt	-1 605 263	-1 675 000	-1 677 500	-1 791 000	-1 791 000	-1 791 000	-1 791 000
Eigedomsskatt	-183 298	-184 000	-184 000	-184 000	-184 000	-184 000	-184 000
Andre generelle driftsinntekter	-157 570	-165 900	-165 900	-112 200	-142 900	-115 000	-157 600
Sum generelle driftsinntekter	**-3 355 755**	**-3 491 923**	**-3 515 098**	**-3 620 200**	**-3 650 900**	**-3 623 000**	**-3 665 600**
Korrigert sum løyvingar drift, netto	**3 109 437**	**3 244 349**	**3 263 081**	**3 399 263**	**3 381 963**	**3 366 063**	**3 390 663**
Avskrivingar	155 036	166 000	166 000	167 000	167 000	167 000	167 000
Sum netto driftsutgifter	**3 264 473**	**3 410 349**	**3 429 081**	**3 566 263**	**3 548 963**	**3 533 063**	**3 557 663**
Brutto driftsresultat	**-91 282**	**-81 574**	**-86 017**	**-53 937**	**-101 937**	**-89 937**	**-107 937**
Renteinntekter	-52 051	-52 186	-52 186	-67 136	-67 136	-67 136	-67 136
Utbytte	-35 918	-35 800	-36 800	-69 600	-36 600	-36 600	-36 600
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-20 150	-17 000	-17 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Renteutgifter	183 182	185 000	185 000	212 000	219 500	201 500	210 500
Avdrag på lån	107 127	109 000	109 000	115 500	121 000	129 000	133 000
Netto finansutgifter	**182 191**	**189 014**	**188 014**	**170 764**	**216 764**	**206 764**	**219 764**
Motpost avskrivingar	-155 036	-166 000	-166 000	-167 000	-167 000	-167 000	-167 000
Netto driftsresultat	**-64 127**	**-58 560**	**-64 003**	**-50 173**	**-52 173**	**-50 173**	**-55 173**

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	24 799	0	16 510	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-27 959	-1 440	-10 307	-1 827	-1 827	-1 827	-1 827
Avsetningar til disposisjonsfond	67 627	60 000	60 000	52 000	54 000	52 000	57 000
Bruk av disposisjonsfond	-340	0	-2 200	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	**64 127**	**58 560**	**64 003**	**50 173**	**52 173**	**50 173**	**55 173**
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Politisk	21 257	21 169	21 169	32 143	19 433	21 433	19 433
Kommunedirektør	41 998	37 247	39 102	44 120	42 808	42 808	42 808
Finans og økonomi	97 620	111 400	112 618	122 175	122 675	116 875	115 875
Organisasjon og beredskap	384 275	413 044	416 134	430 306	431 206	430 206	429 206
Helse og velferd	1 142 015	1 155 987	1 180 747	1 241 749	1 250 999	1 250 549	1 285 549
Oppvekst	1 218 384	1 238 723	1 259 586	1 289 267	1 274 917	1 265 297	1 259 233
Samfunnsutvikling	339 383	357 703	367 492	365 704	365 898	364 542	364 542
Finans	-138 939	-92 365	-127 565	-128 029	-127 801	-127 475	-127 811
Utgåtte ansvar	0	0	0	0	0	0	0
Sum løyvingar drift, netto	**3 105 993**	**3 242 909**	**3 269 284**	**3 397 436**	**3 380 136**	**3 364 236**	**3 388 836**
Av dette:							
Netto renteutgifter og -inntekter	56	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	24 799	0	16 510	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-27 959	-1 440	-10 307	-1 827	-1 827	-1 827	-1 827
Bruk av disposisjonsfond	-340	0	0	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	**3 109 437**	**3 244 349**	**3 263 081**	**3 399 263**	**3 381 963**	**3 366 063**	**3 390 663**

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Investeringar i varige driftsmidlar	227 586	377 150	377 150	557 200	924 600	681 200	580 050
Tilskot til andre sine investeringar	4 571	2 000	2 000	5 000	5 500	5 000	5 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	1 170	1 285	1 285	1 250	1 300	1 350	1 400
Utlån av eigne midlar	1 200	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	**234 527**	**380 435**	**380 435**	**563 450**	**931 400**	**687 550**	**586 450**
Kompensasjon for meirverdiavgift	-37 021	-63 070	-63 070	-113 300	-184 920	-136 240	-120 210
Tilskot frå andre	-42 877	-25 000	-25 000	-43 400	-187 000	-192 000	-124 000
Sal av varige driftmiddel	-5 547	-1 000	-1 000	0	-150 000	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	-235 000	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	-5 709	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-105 185	-274 080	-274 080	-385 500	-408 180	-122 960	-340 840
Sum investeringsinntekter	**-196 338**	**-363 150**	**-363 150**	**-542 200**	**-930 100**	**-686 200**	**-585 050**
Vidareutlån	94 117	100 000	100 000	130 000	130 000	130 000	130 000
Bruk av lån til vidareutlån	-94 117	-100 000	-100 000	-130 000	-130 000	-130 000	-130 000
Avdrag på lån til vidareutlån	46 780	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-61 532	0	0	0	0	0	0
Netto utgifter vidareutlån	**-14 752**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Overføring frå drift	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne investeringsfond	44 152	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-30 045	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	556	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-38 100	-17 285	-17 285	-21 250	-1 300	-1 350	-1 400
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	**-23 437**	**-17 285**	**-17 285**	**-21 250**	**-1 300**	**-1 350**	**-1 400**

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Kommunedirektør								
Fjell kyrkje, rehabilitering	5 794	0	0	0	0	0	0	0
Kulturhuset, opprustning	1 275	0	0	0	0	0	0	0
Rong administrasjonsbygg, ventilasjonsanlegg	0	0	0	0	4 000	0	0	4 000
Sum Kommunedirektør	**7 069**	**0**	**0**	**0**	**4 000**	**0**	**0**	**4 000**
Finans og økonomi								
IKT investeringar	1 728	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Velferdsteknologi - Straume bu og servicesenter	88	0	0	0	0	0	0	0
Datarom	0	0	0	5 000	0	0	0	5 000
Sum Finans og økonomi	**1 816**	**3 000**	**3 000**	**8 000**	**3 000**	**3 000**	**3 000**	**17 000**
Organisasjon og beredskap								
Brannvesenet, støydempande høyrselsvern og sambandsløysing	0	2 500	2 500	0	0	0	0	0
Sum Organisasjon og beredskap	**0**	**2 500**	**2 500**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Helse og velferd								
Velferdsteknologi sjukeheim	4 698	0	0	0	0	0	0	0
Straumsfjellet avlastning, bil	1 076	0	0	0	0	0	0	0
Straume bu og servicesenter, bil	1 076	0	0	0	0	0	0	0
Straume bu- og servicesenter, heildøgnsplassar	531	0	0	0	0	0	0	0
Nye omsorgsplassar	2 375	0	0	0	0	0	0	0

Fjell sjukeheim, heis	1 013	0	0	0	0	0	0	0
Fjell sjukeheim, ventilasjonsanlegg	2 326	0	0	0	0	0	0	0
Kjøl, Fjell sjukeheim	235	0	0	0	0	0	0	0
Storkjøkken, større kjøkkenmaskiner	565	0	0	700	700	700	700	2 800
Sundheimen, nødstrømsaggregat	7	0	0	0	0	0	0	0
ejournal lege	488	0	0	0	0	0	0	0
ejournal omsorgstenesta	196	0	0	0	0	0	0	0
Omsorgsbustader for unge vaksne	2 995	25 000	25 000	36 400	0	0	0	36 400
Sansehage Tednebakkane	552	0	0	0	0	0	0	0
Heimetenesta, Keyless tilgang	0	0	0	1 700	1 700	0	0	3 400
Straume terapisenter, varmepumpe	0	0	0	0	0	10 000	0	10 000
Sjukeheim Straume	0	5 000	5 000	24 000	117 000	314 000	314 000	769 000
Omsorgsbustader	0	0	0	35 000	235 000	0	0	270 000
Tednebakkane, kjøkken	0	3 000	3 000	2 500	0	0	0	2 500
MMNF - nytt bufellesskap	0	0	0	0	1 500	1 500	70 000	73 000
Avlastningsbustad	0	0	0	0	0	1 500	1 500	3 000
Omsorgsplassar, paviljong	0	0	0	20 000	70 000	55 000	0	145 000
Legionella-anlegg	0	0	0	500	500	0	0	1 000
Sundheimen, ventilasjonsanlegg	0	0	0	0	5 000	0	0	5 000
Øygarden lokalmedisinske senter, varmepumpe og styring	0	0	0	0	550	0	0	550
Straume helsesenter, rehabilitering fasade	0	0	0	0	0	0	2 000	2 000
Tednebakkane omsorgssenter, jordfeilautomat	0	0	0	0	0	0	2 550	2 550
Omsorgsbustader psykisk helse/ rus	0	0	0	0	0	1 500	1 500	3 000
Minibussar	0	0	0	900	0	0	0	900
Sundheimen, sansehage	0	0	0	0	1 500	0	0	1 500
Straume bu- og servicesenter, tak	0	0	0	0	15 000	0	0	15 000
Tednebakkane omsorgssenter, nye ventilasjonsanlegg	0	0	0	8 000	0	0	0	8 000
Sum Helse og velferd	**18 132**	**33 000**	**33 000**	**129 700**	**448 450**	**384 200**	**392 250**	**1 354 600**
Oppvekst								
Chromebooks	1 152	1 500	1 500	6 300	1 500	16 600	1 500	25 900
Ny skule vestsida Møvik	8 025	0	0	0	0	0	0	0

Kolltveit skule, ombygging	195	0	0	0	0	0	0	0
Stranda barnehage, skifte ventilasjonsanlegg	992	0	0	0	0	0	0	0
Nye Fjell ungdomsskule	14 477	154 000	154 000	289 000	200 000	15 000	0	504 000
Brattholmen skule, leikeområde og overvatn	891	0	0	0	0	0	0	0
Sund ungdomsskule, utbetring av uteområde	7 337	0	0	0	0	0	0	0
Brattholmen skule, varmepumper	1 939	0	0	0	0	0	0	0
Foldnes skule, fasadeoppgradering blått bygg	33	0	0	0	0	0	0	0
Stranda skule, varmepumpe fellesbygg	353	0	0	0	0	0	0	0
Stranda barnehage, varmepumpe	482	0	0	0	0	0	0	0
Hjelteryggen skule, ventilasjonsanlegg	1 672	0	0	0	0	0	0	0
Leikeplassar utanfor skular og barnehagar	594	0	0	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Skogsvåg barnehage, uteområde	183	0	0	3 000	0	0	0	3 000
Vestsida skule	0	10 000	10 000	20 000	95 000	88 000	50 000	253 000
Øygarden ungdomsskule, ventilasjonsanlegg	0	0	0	0	0	8 000	0	8 000
Ågotnes skule, avfuktingsanlegg, basseng/ varmepumpe	0	0	0	0	0	17 000	0	17 000
Kolltveit skule, tak/ fasade og ventilasjonsanlegg	0	0	0	0	0	0	17 000	17 000
Landro skule, oppgradering gamal del	0	0	0	0	0	0	7 000	7 000
Hjelteryggen skule, ventilasjonsanlegg	0	0	0	0	5 000	0	0	5 000
Brattholmen skule, ventilasjonsanlegg	0	0	0	0	1 000	0	0	1 000
Knappskog skule, ventilasjonsanlegg	0	0	0	0	5 000	0	0	5 000
Ågotnes skule, oppgradering av svømmebasseng	0	0	0	0	0	4 250	0	4 250
Stranda barnehage, uteområde	0	0	0	0	0	0	1 000	1 000
Sund ungdomsskule, tak	0	0	0	0	0	0	1 500	1 500
Tranevågen ungdomsskule, ventilasjonsanlegg	0	0	0	0	0	0	8 000	8 000
Stranda skule, brannteknisk utstyr	0	0	0	0	0	0	500	500
Toftøy skule, ventilasjonsanlegg	0	0	0	0	0	0	4 000	4 000
Klokkarvik barnehage, uteområde	0	0	0	0	0	0	2 000	2 000
Ulveset barnehage, riving	0	0	0	0	1 000	0	0	1 000

Hjelteryggen skule - innvendig ombygging og funksjonell oppgradering	0	0	0	0	0	0	1 800	1 800
Ombygging og funksjonell oppgradering av skular og barnehagar	0	0	0	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Ombygging og oppgradering for universell utforming	0	0	0	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Sum Oppvekst	**38 324**	**165 500**	**165 500**	**321 800**	**312 000**	**152 350**	**97 800**	**883 950**
Samfunnsutvikling								
Veglys, skifting til LED lys	8 727	4 500	4 500	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Arseta - VA Rongøy - sentrumsplan	1 858	0	0	0	0	0	0	0
Aresta - Kryss del 2 m/kulvert	331	0	0	0	0	0	0	0
Porsvika fiskerihamn - lagerbygg	542	0	0	0	0	0	0	0
Brattholmen skule - oppgradering uteområde (5410)	240	0	0	0	0	0	0	0
Brattholmen - overvatn	235	0	0	0	0	0	0	0
Grønaplassen	99	0	0	0	0	0	0	0
Snarveg til Varden frå Grønaplassen	46	0	0	0	0	0	0	0
Grønamyrsvegen - ombygging av sentrumsgate	30 053	0	0	0	0	0	0	0
Blomvågen dagsturhytte	93	0	0	0	0	0	0	0
Snusløyfe for buss - Torsvik	11 201	0	0	0	0	0	0	0
Asfaltering	4 694	8 000	8 000	4 000	4 000	4 000	4 000	16 000
Døsjø kai	700	0	0	0	0	0	0	0
Dåvøy bru, oppgradering	1 085	0	0	0	0	0	0	0
Nygårdsvegen, ny støttemur	13	0	0	0	0	0	0	0
Blomvåg skule, moglegheitsstudie etterbruk	38	0	0	0	0	0	0	0
Led-lys, kommunale bygg	3 708	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Reinhaldsmaskiner	478	0	0	0	0	0	0	0
Skålevik idrettsanlegg	5 925	0	0	0	0	0	0	0
Oppgradering uteområde skular	9 155	0	0	0	0	0	0	0
Varmepumpe Hjelteryggen skule	1	0	0	0	0	0	0	0
Rådhuset, kontoroptimalisering	1 641	0	0	0	0	0	0	0
Ternholmvegen 4, miljøsanering og riving	429	0	0	0	0	0	0	0
Fotballmål, kommunale kunstgressbanar	720	0	0	0	0	0	0	0
Overvassystem ulike stader	75	0	0	0	0	0	0	0
Sotra Arena, prosjektering varmeanlegg	542	0	0	0	0	0	0	0
Adgangskontroll, kommunale bygg	1 258	500	500	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Reinhaldsrobot	1 130	1 150	1 150	1 150	1 150	1 150	0	3 450
Transaksjonskostnadar eigedomsoverføringar	544	0	0	0	0	0	0	0
Idrettshaller, utstyr for halltelling	128	0	0	0	0	0	0	0

Skålevik kunstgressbane, fjellsikring	222	0	0	0	0	0	0	0
Fallunderlag leikeplassar	2 080	1 000	1 000	500	500	500	500	2 000
Glesnes skule, miljøsanering og riving	2 369	0	0	0	0	0	0	0
Telavåg skule, miljøsanering og riving	2 451	0	0	0	0	0	0	0
Ågotnes innfartsparkering	2 311	0	0	0	0	0	0	0
Misje, mur	100	0	0	0	0	0	0	0
Busskur, kommunale vegar	306	0	0	0	0	0	0	0
Stranda skule, varmepumpe	1 548	0	0	0	0	0	0	0
Fjell sjukeheim, kjøl og fryseanlegg	603	0	0	0	0	0	0	0
Straume helsesenter, rehabilitering	3 277	0	0	0	0	0	0	0
Knappskog skule, SD anlegg	1 296	0	0	0	0	0	0	0
Ågotnes skule, varmepumpe	191	0	0	0	0	0	0	0
Øygarden ungdomsskule, brannalarmanlegg	320	0	0	0	0	0	0	0
Ladeinfrastruktur	1 118	0	0	0	0	0	0	0
Avfallscontainere	2 047	0	0	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Trafikksikring	1 339	1 500	1 500	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Gamle Straumsundet bru, forprosjekt	1 428	0	0	0	0	0	0	0
Tednebakkane, uteområde	1 800	0	0	0	0	0	0	0
Tussetjødna barnehage, riving	530	0	0	0	0	0	0	0
Skogsskiftet, turveg	144	0	0	0	0	0	0	0
Gangstø ressurssenter, etableringskostnadar ved flytting til Blomvåg skule	2 605	0	0	0	0	0	0	0
Krossleitet, riving av lagerbygg	24	0	0	0	0	0	0	0
Bilar	29 977	20 000	20 000	20 000	7 000	5 000	0	32 000
Sportsutstyr i idrettshallar	899	0	0	500	500	500	500	2 000
Veglys langs kommunale vegar	1 049	0	0	0	0	0	0	0
Robotgressklippere	299	0	0	0	0	0	0	0
Åse kai	81	0	0	0	0	0	0	0
Solsvik kai	81	0	0	0	0	0	0	0
Nautnes kai	111	0	0	0	0	0	0	0
Alvheim kai	239	0	0	0	0	0	0	0
Hernar kai	576	0	0	0	0	0	0	0
Infrastruktur kommunesenter: Lonavegen	195	0	0	0	0	0	0	0
Infrastruktur kommunesenter: Straumsallm frå Gjertrudvegen mot Sartorparken	1 497	0	0	0	0	0	0	0
Sanering oljetanker	600	0	0	500	500	500	500	2 000
Sund ungdomsskule, fasadeoppgradering	653	0	0	0	0	0	0	0
Sund ungdomsskule, ventilasjonsanlegg	935	0	0	0	0	0	0	0
Røykdykkarbilar	1 319	0	0	0	0	0	0	0
Angelvik, utbetre bussnuplass inkl nytt busskur	1 194	0	0	0	0	0	0	0

Sundhallen, fasade og tak	3 241	0	0	0	0	0	0	0
Algrøy skule, riving	0	3 000	3 000	0	0	0	0	0
Landro skule, ventilasjonsanlegg	0	5 000	5 000	0	0	0	0	0
Landro skule, SD anlegg	0	1 500	1 500	0	0	0	0	0
Ulveset skule, nødvendige tiltak	0	9 000	9 000	0	0	0	0	0
Verdibevaring bygg	0	11 500	11 500	0	0	0	0	0
Administrasjonsbygg	0	67 000	67 000	0	0	0	0	0
Viksøy molo	0	2 000	2 000	4 000	0	0	0	4 000
Angelvik, fortau	0	8 500	8 500	0	0	0	0	0
Arealeffektivisering	0	5 000	5 000	6 500	0	0	0	6 500
Gamle Blomvåg skule	0	4 000	4 000	0	0	0	0	0
Bildøyvegen/ Straumsundet bru (Miljøløftet)	0	15 000	15 000	28 000	95 000	79 000	0	202 000
Gangveg FV Kolltveit vest (6736)	-299	0	0	0	0	0	0	0
Ladestasjoner kommunale bygg	371	0	0	0	0	0	0	0
Fjellsikring	362	0	0	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Tilstandskartlegging av bruksbygg	4 479	0	0	0	0	0	0	0
Kjøp av tomter	32	0	0	0	0	0	0	0
sal av Ekerhovd barnehage	57	0	0	0	0	0	0	0
Sal av gnr.150,bnr.261,262,290,291 - Skogsskiftet-Vorland	1	0	0	0	0	0	0	0
Sal av Grønabakksvegen 3A og 3B, Kurssenter Skogsskiftet	348	0	0	0	0	0	0	0
Hellesøy bru	0	0	0	5 000	5 000	0	0	10 000
Miljøretta helsevern	0	0	0	500	500	500	500	2 000
Rong kunstgrasbane	0	0	0	0	18 000	0	0	18 000
Toftøy kunstgrasbane	0	0	0	0	0	0	15 000	15 000
Ågotnes kunstgrasbane (11ar bane)	0	0	0	0	0	0	15 000	15 000
SD-anlegg	0	0	0	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Kystmuseet, vindu	0	0	0	1 500	0	0	0	1 500
Bildøyhallen	0	0	0	0	0	0	25 000	25 000
Ågotneshallen	0	0	0	0	0	20 000	0	20 000
Skogsskiftet, administrasjonsbygg - tak	0	0	0	0	0	4 000	0	4 000
Sotra Arena, hall og garderobar	0	0	0	0	0	0	1 500	1 500
Overvasstiltak	0	0	0	0	2 000	2 000	2 000	6 000
Overvasstiltak Nordre og Søre Knappen	0	0	0	150	0	0	0	150
Overvasstiltak Hjelteryggen	0	0	0	1 000	0	0	0	1 000
Overvasstiltak Instamyra/ Lonavegen	0	0	0	300	0	0	0	300
Overvasstiltak Tona	0	0	0	500	0	0	0	500
Vegstolpar	0	0	0	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Molo Rong	0	0	0	0	0	2 000	0	2 000
Mur Toftøy	0	0	0	400	0	0	0	400
Oppgradering av golvoverflater	0	0	0	500	500	500	500	2 000
Kartlegging og sanering av asbest	0	0	0	500	500	250	250	1 500

Etablering av permanente radonsikringstiltak i kommunale bygg	0	0	0	700	500	250	250	1 700
Branntekniske oppgraderingar og prosjektering av kommunale bygg	0	0	0	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Utvendig solskjerming	0	0	0	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Sum Samfunnsutvikling	**162 098**	**173 150**	**173 150**	**97 700**	**157 150**	**141 650**	**87 000**	**483 500**
Finans								
Finansiering av investering	147	0	0	0	0	0	0	0
Sum Finans	**147**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Investeringar i varige driftsmidlar	**227 586**	**377 150**	**377 150**	**557 200**	**924 600**	**681 200**	**580 050**	**2 743 050**

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Investeringar, kyrkja	4 180	2 000	2 000	5 000	5 500	5 000	5 000	20 500
Justeringsavtale mva	31	0	0	0	0	0	0	0
Finansiering av investering	361	0	0	0	0	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	**4 571**	**2 000**	**2 000**	**5 000**	**5 500**	**5 000**	**5 000**	**20 500**

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Kjøp av aksjar og andelar	1 170	1 285	1 285	1 250	1 300	1 350	1 400	5 300
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	**1 170**	**1 285**	**1 285**	**1 250**	**1 300**	**1 350**	**1 400**	**5 300**

4. Utlån av eigne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Spelemidlar - forskotering / innbetaling	1 200	0	0	0	0	0	0	0
Utlån av eigne midlar	**1 200**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Sum del 1-4	**234 527**	**380 435**	**380 435**	**563 450**	**931 400**	**687 550**	**586 450**	**2 768 850**

Folketalsutvikling




Nasjonale og globale trendar påverkar korleis demografien ser ut i Øygarden kommune, og korleis folketalet vil utvikla seg framover. Slike trendar og utviklingstrekk må kommunen kjenna til, for å vera i forkant og ha moglegheit til å tilpassa seg utviklinga.

Dei siste åra har det vore høgare folkevekst i Noreg enn i nabolanda. Flyktningar frå Ukraina har bidratt til vekst, særleg i distrikta. Det er venta at prosentdelen innvandrarar vil auka dei neste tiåra. Det er venta høgare levealder og ein sterk aldring av befolkninga, også blant innvandrarbefolkninga. Fruktbarheita i landet er framleis låg, men har vore stigande dei siste tre åra. Nasjonalt er det venta eit fødselsoverskot fram mot 2046. Etter dette er det venta at det vil vera fleire dødsfall enn fødslar i landet.

Sentralisering og urbanisering er tydelege trendar nasjonalt, der folk i større grad busett seg i og nær større byar og tettstader enn tidlegare. Små kommunar opplever i større grad fråflytting, medan det er dei større kommunane som opplever vekst. Ein kan også sjå at stadig fleire bur åleine, og at det er fleire par utan barn enn tidlegare. Desse trendane kan vi også sjå i Øygarden kommune, og vi kan venta oss at dei vil halda fram i åra framover.


I figuren under kan vi sjå at folketalet i Øygarden har auka med meir enn 4 000 personar dei siste ti åra. Det er først og fremst fødselsoverskotet som har bidratt til vekst, om lag halvparten av auken i talet på innbyggarar kjem av fødselsoverskotet. Innanlandsk nettoinnflytting har bidratt med om lag 30 prosent av veksten i løpet av tiårsperioden, medan nettoinnvandring har stått for nesten 20 prosent.



Figur 1: Akkumulert folkevekst i Øygarden 2016-2026. Kjelde: SSB tabell 01222.


Per 1. januar 2026 budde det 40 641 innbyggjarar i Øygarden kommune. Innan 2040 kan vi rekna med å vera om lag 45 800 innbyggarar, viser prognosar for folketalet i Øygarden (Elevtals- og folketalsrapport – Norconsult: 2024). Framskrivingane til SSB viser at vi kan venta eit lågare fødselsoverskot i åra framover i alle framskrivingsalternativ. Det betyr at vi blir meir avhengige av positiv nettoinnvandring og innanlandsk nettoinnflytting for å oppretthalda den same vekstraten som i dag.

Sjølv om vi kan venta vekst i kommunen også i åra framover, vil samansettinga av befolkninga sjå annleis ut i framtida enn den gjer i dag. Øygarden har lenge hatt ein høg prosentdel barn og unge. I figuren under kan vi sjå at vi kan venta at talet på barn og unge (0-19 år) vil vera om lag på same nivå i 2040 som i dag. Den venta veksten i talet på innbyggarar vil først og fremst skje i dei eldste aldersgruppene. Prosentdelen barn og unge vil difor gå ned i åra framover.



Figur 2: Prosentvis endring i ulike aldersgrupper i Øygarden i åra fram mot 2040, samanlikna med 2026. Kjelde: Elevtals- og folketalsprognose, Norconsult: 2024, og SSB tabell 07459.


Figuren over viser også at vi kan venta å vera dobbelt så mange i aldersgruppa 80 år og eldre i 2040, samanlikna med i dag. Endringa i den demografiske samansettinga får konsekvensar for den økonomiske situasjonen til kommunen. Vi kan venta eit aukande behov for helse- og omsorgstenester i åra framover, som følgje av at vi blir fleire eldre. Samstundes vil det bli færre innbyggjarar i arbeidsfør alder per eldre innbyggjar. Dette inneber mindre skatteinntekter til å finansiera tenestene. Figuren under viser forsørgarbrøk for høvesvis barn og eldre. Forsørgarbrøken for barn er venta å gå litt ned fram mot 2040, før den stig att til dagens nivå. Samstundes aukar forsørgarbrøken for eldre heilt fram mot 2050. Totalt sett vert det færre skatteytarar (innbyggjarar i arbeidsfør alder) per tenestemottakar (eldre, barn og unge).



Figur 3: Forsørgarbrøken viser høvesvis talet på personar under 20 år (barn) og over 64 år (eldre), delt på talet på personar i aldersgruppa 20-64 år. Kjelde: SSB, tabell 14751 (høgvekstalternativet).

Demografi

Befolkningsprognose



	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
0 - åringer	399	409	429	450	471	493	514	514	516	516	516
Barnehage (1-5 år)	2 133	2 081	2 007	2 082	2 161	2 256	2 361	2 472	2 562	2 631	2 676
Grunnskole (6-15 år)	5 305	5 232	5 185	5 045	4 905	4 806	4 707	4 634	4 606	4 617	4 692
Videregående (16-19 år)	2 232	2 208	2 203	2 163	2 162	2 137	2 128	2 129	2 090	2 063	1 977
Voksne (20-66 år)	24 306	24 579	24 834	25 078	25 293	25 431	25 522	25 578	25 644	25 677	25 730
Eldre (67-79 år)	4 617	4 712	4 807	4 891	4 941	5 041	5 165	5 309	5 474	5 633	5 807
Eldre (80-89 år)	1 421	1 570	1 702	1 822	1 949	2 039	2 147	2 249	2 324	2 412	2 465
Eldre (90 år og eldre)	228	246	253	263	281	326	349	377	417	459	519
Total	40 641	41 037	41 420	41 794	42 163	42 529	42 893	43 262	43 633	44 008	44 382

Prognose type : Høy nasjonal vekst
Prognose periode : 10
Kilde: SSB (høgvekstalternativet)

0 - åringer

Befolkningsprognose

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
0 år	399	409	429	450	471	493	514	514	516	516	516
Total	399	409	429	450	471	493	514	514	516	516	516

Barnehage (1-5 år)

Befolkningsprognose

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
1 år	391	406	417	438	460	482	504	525	526	528	528
2 år	392	396	412	424	445	468	491	513	534	535	536
3-5 år	1 350	1 279	1 178	1 220	1 256	1 306	1 366	1 434	1 502	1 568	1 612
Total	2 133	2 081	2 007	2 082	2 161	2 256	2 361	2 472	2 562	2 631	2 676

Grunnskole (6-15 år)

Befolkningsprognose

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
6-9 år	1 976	1 918	1 924	1 822	1 788	1 734	1 659	1 716	1 777	1 853	1 933
10-12 år	1 656	1 628	1 609	1 559	1 477	1 448	1 469	1 419	1 359	1 274	1 316
13-15 år	1 673	1 686	1 652	1 664	1 640	1 624	1 579	1 499	1 470	1 490	1 443
Total	5 305	5 232	5 185	5 045	4 905	4 806	4 707	4 634	4 606	4 617	4 692

Videregående (16-19 år)

Befolkningsprognose

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
16-17 år	1 139	1 112	1 113	1 099	1 101	1 095	1 084	1 093	1 060	1 027	973
18 år	553	559	545	534	542	519	541	514	533	521	500
19 år	540	537	545	530	519	523	503	522	497	515	504
Total	2 232	2 208	2 203	2 163	2 162	2 137	2 128	2 129	2 090	2 063	1 977

Voksne (20-66 år)

Befolkningsprognose

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
20 år	494	528	523	531	517	507	506	488	505	483	499
21 år	485	492	519	514	522	508	497	494	480	493	474
22 år	479	486	487	509	500	507	492	482	478	467	477
30-34 år	2 530	2 508	2 546	2 543	2 545	2 584	2 571	2 560	2 592	2 617	2 613
35-44 år	5 533	5 620	5 642	5 650	5 677	5 690	5 735	5 776	5 735	5 673	5 679
45-49 år	2 715	2 731	2 756	2 767	2 779	2 787	2 806	2 819	2 873	2 964	3 011
50-66 år	8 852	8 961	9 051	9 199	9 340	9 434	9 503	9 533	9 571	9 588	9 602
23-24 år	908	924	978	975	986	988	982	976	957	945	929
25-29 år	2 310	2 329	2 332	2 390	2 427	2 426	2 430	2 450	2 453	2 447	2 446
Total	24 306	24 579	24 834	25 078	25 293	25 431	25 522	25 578	25 644	25 677	25 730

Eldre (67-79 år)

Befolkningsprognose

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
67-69 år	1 193	1 276	1 311	1 351	1 307	1 329	1 389	1 482	1 553	1 612	1 649
70-74 år	1 838	1 844	1 880	1 899	1 970	2 032	2 084	2 097	2 168	2 199	2 272
75-79 år	1 586	1 592	1 616	1 641	1 664	1 680	1 692	1 730	1 753	1 822	1 886
Total	4 617	4 712	4 807	4 891	4 941	5 041	5 165	5 309	5 474	5 633	5 807

Eldre (80-89 år)

Befolkningsprognose

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
80-84 år	954	1 077	1 168	1 237	1 310	1 341	1 353	1 383	1 407	1 434	1 458
85-89 år	467	493	534	585	639	698	794	866	917	978	1 007
Total	1 421	1 570	1 702	1 822	1 949	2 039	2 147	2 249	2 324	2 412	2 465

Eldre (90 år og eldre)

Befolkningsprognose

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
90-94 år	172	186	188	196	220	258	275	298	332	366	406
95-99 år	47	54	54	55	52	59	65	68	74	83	101
100 år eller eldre	9	6	11	12	9	9	9	11	11	10	12
Total	228	246	253	263	281	326	349	377	417	459	519

Klima og miljø



Klimaendringane krev at vi reduserer utslepp av klimagassar, tilpassar samfunnet til eit endra klima, legg om energibruken og tek vare på naturen. Gjennom Parisavtalen og klimalova har Noreg forplikta seg til å nå ambisiøse klimamål.

Fleire internasjonale og nasjonale avtalar, lover og retningsliner stiller krav til kommunane og legg føringar for klima- og energiarbeidet (ikkje uttømmande):

- Internasjonal naturavtale og lov om forvaltning av naturens mangfald
- Plan- og bygningslova
- Lov om offentlege anskaffingar §§ 5b og 5c
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- Statlege planretningsliner for klima og energi (2025)

I Øygarden kommune er dette arbeidet forankra i Samfunnsdelen til kommuneplanen (vedteke 2022), med hovudmålet om å vera eit klima- og miljøvenleg samfunn. Viktige delmål er at kommunen skal vera klimaansvarleg og miljøbevisst, utvikla eit berekraftig lågutsleppsamfunn og ta vare på naturen på land og i sjø.

Sentrale arbeidsområde i 2026

- **Arealdelen til kommuneplanen (KPA) 2027-2039:** Planprogram for KPA (vedteke januar 2026), skildrar m.a. korleis Øygarden skal utvikla seg vidare, og kva verdiar vi skal bevara. For klima- og energiarbeidet er det særleg viktig at kommunen gjennomfører planvask og etablerer arealrekneskap som to parallelle prosessar.
- **Strategiplan klima og energi 2026-2030:** I 2026 har kommunen prioritert å formidla kunnskapsgrunnlaget for strategiplanen gjennom nettsidene til kommunen, Strategiplan for klima og energi 2026 - 2030 - Øygarden kommune. Plan- og miljøutvalet, næringslivet, kommunale råd har fått informasjon, og mål/ strategiar er drøfta med kommunalsjefane. Planframlegget skal på høyring hausten 2026, før kommunestyret sluttbehandlar planen i

desember. Planen har særleg merksemd på klimagassutslepp, klimatilpassing og energiomstilling. Sirkulær økonomi og offentlege anskaffingar er viktige verkemiddel for å nå måla.

- **Strategiplan for kulturmiljø:** I 2026 har kommunen arbeidd med strategiplanen for kulturmiljø. Klima, utsleppskutt, ombruk og vern av eksisterande bygningar har vore sentrale tema. Våtare klima og havnivåstiging kan også truga kulturhistoriske verdiar, særleg eldre naust langs sjøen. Arbeidet har vore samordna med Arealdelen til kommuneplanen, mellom anna for å vurdera omsynssoner for kulturmiljø. Kommunestyret vil sluttbehandla planen tidleg i 2027.
- **Klimarekneskap for kommunal drift 2025:** Dette er den tredje klimarekneskapen for drifta til kommunen. Tala frå 2023, 2024 og 2025 gjer det mogleg å følgja utviklinga i utsleppa over tid. Sjå avsnittet om klimastatistikk for meir informasjon.
- **Skifte av kommunale bilar:** Kommunen har bytt ut fleire leasingbilar med innkjøp av elbilar. Dette reduserer klimagassutsleppa frå drifta til kommunen og legg til rette for meir berekraftig transport.
- **Samarbeid med eksterne aktørar:** Kommunen samarbeider med næringsliv, forskingsmiljø og regionale nettverk (Klimapartnere Vestland og Klimanettverk Vestland) for å dela kunnskap og styrkja arbeidet med klima og energiomstilling.

Viktige arbeidsoppgåver i økonomiplanperioden

- Vi skal ferdigstilla Arealdelen til kommuneplanen og Strategiplan for kulturmiljø, og følgja dei opp i samanheng med Strategiplan for klima og energi. Arealdelen til kommuneplanen er eit viktig verktøy for klimatilpassing, utsleppskutt og vern av naturen.
- Strategiplan for klima og energi skal gi retning for større prosjekt og konkrete tiltak. Vi må prioritera tiltak som både støttar klimamåla og kan redusera kostnadene over tid, til dømes ombruk og lågare energibruk.
- Kommunalsjefområde Samfunnsutvikling følgjer opp lovpålagde oppgåver og kommunale planar. Ved behov gjennomfører vi eigne prosjekt, mellom anna innan private avløpsanlegg og grunnforureining. Saker som krev politiske avklaringar eller økonomiske løyvingar, går inn i dei ordinære politiske- og økonomiske prosessane i kommunen.

Klimastatistikk

Klimagassutslepp frå den kommunale verksemda

Øygarden kommune har utarbeidd klimarekneskap for 2023, 2024 og 2025 ved hjelp av verktøyet Klimakost frå Asplan Viak. Rekneskapen byggjer på data om innkjøpt drivstoff (liter) og energibruk (kWh), og kjøp av varer og tenester (kr). Klimakost reknar tala om til utslepp målt i tonn CO2-ekvivalentar. Dette gjer det mogleg å følgja utviklinga i utsleppa for ulike driftsområde over tid.


Klimafotavtrykk fordelt på scope 1, 2 og 3	Tonn CO2-ekvivalentar		
	2023	2024	2025
Direkte utslepp – drivstoff og naturgass	621	579	623
Indirekte utslepp frå kjøp av energi	1 240	1 298	1 205
Andre indirekte utslepp frå kjøp av varer og tenester	19 088	18 645	16 966
Totalt	**20 949**	**20 522**	**18 794**

Det samla klimafotavtrykket frå den kommunale drifta gjekk ned med 2 155 tonn CO_2-ekvivalentar frå 2023 til 2025. Det svarar til ein reduksjon på 10,3 %.

Tala i klimarekneskapen speglar i stor grad omfanget av den kommunale drifta, investeringsnivået og innkjøpa våre. Derfor seier dei lite om klimafotavtrykket er høgt eller lågt samanlikna med andre kommunar.

Vi må også vera merksame på at verken Øygarden bustadforvaltning KF eller ØyVAR AS er inkluderte i klimarekneskapen. Rekneskapen gir derfor ikkje eit fullstendig bilete av det samla klimafotavtrykket frå verksemdene til kommunen.


Rapportane i Klimakost viser mellom anna klimafotavtrykket til den kommunale drifta målt opp mot tre nøkkelindikatorar: CO2-ekvivalentar per krone i omsetning, per årsverk og per kWh oppvarma areal (m2). Figuren under viser utviklinga for desse indikatorane i perioden 2023 til 2025.



Figur: Nøkkelindikatorar vist som tonn CO2-ekvivalentar pr omsetning og per årsverk, og energibruk (kWh) per oppvarma areal (m2). Kjelde: Klimakost / Asplan Viak, 2026.. Illustrasjon: Copilot og Øygarden kommune

Frå 2023 til 2025 er utslepp per krone i omsetning redusert med om lag 21,5 %, medan utslepp per årsverk gjekk ned med om lag 10,5 %. Energibruk knytt til kvadratmeter oppvarma areal (kWh/m2) auka i same periode, sjølv om det samla arealet vart redusert. Auken heng i stor grad saman med at kommunen har fått meir nøyaktige målingar av energibruken etter oppgraderingar av fleire energiovervakingssystem.

I Klimakost registrerer vi data innan sju hovudkategoriar. Systemet reknar dataa om til klimafotavtrykk for kvar kategori. Klimafotavtrykk fordelt på hovudkategoriar er framstilt i figuren under.



Figur: Klimafotavtrykket til Øygarden kommune fordelt på hovudkategoriar.
Kjelde: Klimakost, Asplan Viak, 2026

Dei største utsleppa finn vi i dei fire hovudkategoriane:

- Tenestekjøp,
- Varekjøp
- Bygg
- Transport og reiser.

Desse kategoriane omfattar i hovudsak indirekte utslepp knytte til varer og tenester som kommunen kjøper inn.

I kunnskapsgrunnlaget til strategiplan for klima og energi har vi analysert dei ti største utsleppsbidraga i den kommunale drifta, rekna i prosent av det totale utsleppet til kommunen. Til saman stod desse for 72 % av det totale klimafotavtrykket til kommunen i 2025, som var 18 794 tonn CO2-ekvivalentar. Dei største bidraga kom frå kjøp av varer og tenester frå eksterne leverandørar, som utgjorde 27 % av utsleppa. Vedlikehald, ombygging og nybygg stod for 12 %, medan transport og reiser stod for 8 prosent.

Klimarekneskapen gir oss oversikt over kvar vi finn dei største og minste utsleppsbidraga i drifta. Den gir eit godt kunnskapsgrunnlag for å identifisera område der vi kan setta i verk tiltak for å redusera utsleppa. Dette arbeidet ligg også til grunn for måla og strategiane i Strategiplan for klima og energi.

Geografiske utslepp


Klimarekneskapen til Miljødirektoratet for kommunar omfattar berre direkte klimagassutslepp som skjer innanfor kommunegrensa, kalla geografiske utslepp.

Rekneskapen inkluderer utslepp frå produksjon av varer og tenester som skjer i kommunen, uavhengig av om varene og tenestene vert brukt lokalt eller andre stader. Dei geografiske utsleppa i Øygarden speglar derfor i stor grad næringsstrukturen i kommunen.

Rekneskapen omfattar ikkje indirekte utslepp, som er frå produksjon og transport av varer og tenester som er produserte utanfor kommunen, men som vert kjøpte og brukte i Øygarden.

Den siste publiserte tidsserien for geografiske utslepp kom i januar 2026, og omfattar perioden 2009 til 2024.

I 2009 var dei samla utsleppa i Øygarden 433 119 tonn CO_2-ekvivalentar. I 2024 var utsleppa reduserte til 339 438 tonn CO_2-ekvivalentar. Det svarar til ein reduksjon på 21,6 % i perioden. Etter ein jamn nedgang fram til 2022 har utsleppa likevel auka noko. Frå 2022 til 2024 gjekk utsleppa opp med 2,1 %.



I Øygarden finn vi dei største klimagassutsleppa innan sektorane industri, olje og gass, sjøfart og vegtrafikk. Utsleppa har gått ned i dei fleste sektorane sidan 2009. Dei største reduksjonane finn vi innan oppvarming, vegtrafikk, avfall og avløp, og industri, olje og gass. Samstundes har utsleppa auka innan energiforsyning og sjøfart.

Miljødirektoratet publiserer også kunnskapsgrunnlag og tiltaksanalysar som viser kva som må til for å nå klimamåla i klimalova. Mange av tiltaka og verkemidla må innførast på nasjonalt nivå. Kommunane har likevel ei viktig rolle i omstillinga, sjølv om handlingsrommet er avgrensa på fleire område.

I Strategiplan for klima og energi har vi vurdert handlingsrommet til kommunen og lagt vekt på strategiar der vi kan bidra til utsleppsreduksjon i dei ulike sektorane. Gjennom planlegging, arealforvaltning, innkjøp, eigedomsforvaltning og samarbeid med næringsliv og innbyggjarar kan kommunen leggja til rette for ei utvikling med lågare utslepp.

Samfunnstryggleik og beredskap



Den tryggleikspolitiske situasjonen i Europa fører til større krav og forventningar til beredskapen i kommunane. Det er forventing frå sentrale styresmakter at kommunane førebur seg på tryggleikspolitiske kriser og krig. Dette har tydeleg kome fram gjennom Totalforsvarsåret 2026. Digitale trugslar og hendingar råkar fleire og fleire kommunar, næringsliv og andre aktørar. Dette må Øygarden kommune være førebudd på også kan skje i vår kommune.

Klimaendringane fører til meir ekstremvêr, med kraftigare nedbør, sterkare vind og fleire hendingar som kan råka innbyggjarar, infrastruktur og tenester. Dette vil setja både beredskapen og samfunnstryggleiken på prøve. Difor må vi saman med resten av Øygardensamfunnet styrkja evna vår til å førebyggja, handtera og læra av uønskte hendingar, slik at kommunen står best mogleg rusta til å møta framtidige utfordringar.


I økonomiplanperioden skal kommunen vidareutvikla det heilskaplege og systematiske arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap gjennom mellom anna å utvikla beredskapsrådet, ha eit heilskapleg beredskapsplanverk og gjennomføra regelmessige øvingar i heile organisasjonen. Handlingsplanane etter Kommune- ROS og forvaltningsrevisjon skal følgjast opp, beredskapskompetansen hos leiarar skal styrkast og beredskapslageret skal vera meir oppdatert. Vi skal samstundes inngå ulike beredskapsavtalar med frivilligheit og næringsliv der dette vil være naturleg og naudsynt, slik at vi får ein større og meir samla totalberedskap i kommunen.

Organisering



Politisk organisering

Følgjande politiske styringsstruktur er vedteke for Øygarden kommune frå hausten 2023:



Kommunestyret utgjer den politiske leiinga i kommunen. Kommunestyret har 45 medlemmer frå følgjande parti: Høgre (14), Arbeiderpartiet (7), Fremskrittspartiet (7), Industri- og Næringspartiet (4), Sotralista -TVØ (3), Kristeleg Folkeparti (3), Sosialistisk Venstreparti (2), Raudt (1), Senterpartiet (1), Venstre (1), Pensjonistpartiet (1) og Miljøpartiet De Grønne (1).

Formannskapet utgjer økonomiutvalet til kommunen. Ansvars- og oppgåvefordeling mellom utvala går fram av det politiske delegeringsreglementet.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegner føra tilsyn med heile den kommunale verksemda. Sekretariatstenester vert kjøpt frå Vestland fylkeskommune.

Administrativ organisering

Øygarden kommune har følgjande administrative organisering:



Kommunedirektør og fem kommunalsjefar utgjer leiargruppa til kommunedirektøren.

Einingsleiarane er ansvarlege for sine einingar innan rammene av dei fullmakter som er delegert frå kommunedirektøren.

Framtidige utfordringar og strammare økonomiske rammer vil krevja nye arbeidsprosessar og ny teknologi. Digitalisering og bruk av kunstig intelligens er eit av satsingsområda i økonomiplanen. Øygarden kommune må møta utfordringane gjennom kunnskapsbasert utvikling, innovasjon og digitalisering innafor alle tenesteområde. Ein organisasjon i omstilling krev også gode leiarar som arbeider strategisk og ser moglegheiter. Leiarutvikling er difor også eit satsingsområde i økonomiplanen.

Bemanning/ årsverk

Tabellen syner utvikling i årsverk frå ny kommune til 01.01.2027:

Kommunalsjef-område	Årsverk 1.1.2020	Årsverk 1.1.2021	Årsverk 1.1.2022	Årsverk 1.1.2023	Årsverk 1.1.2024	Årsverk 1.1.2025	Årsverk 1.1.2026	Årsverk 1.1.2027
Kommunedirektør	22	11	3	1	1	1	1	2
Finans og økonomi	128	119	108	55	47	48	48	49
Organisasjon og beredskap				53	76	63	61	59
Oppvekst	1 246	1 217	1 200	1 194	1 199	1 182	1 168	1 134
Helse og velferd	769	779	791	810	853	874	863	872
Samfunnsutvikling	256	253	255	246	246	256*	249	245
Sum	**2 420**	**2 379**	**2 357**	**2 359**	**2 422**	**2 424**	**2 390**	**2 361**

Framlegg om å redusera årsverk i budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030 kjem i tillegg til tabellen over.


Eigarskap

Deler av den kommunale verksemda er organisert gjennom kommunale føretak og aksjeselskap. ØyVAR AS har ansvar for vatn, avløp og renovasjon, medan utleige av bustader er lagt til Øygarden bustadforvaltning KF.

Eigarskapsmeldinga for Øygarden kommune vert revidert årleg og gir ei samla oversikt over selskap kommunen eig heilt eller delvis. Meldinga fungerer som eit styringsverktøy, der kommunen gir signal til selskapa og vurderer om det framleis er grunnlag for kommunalt eigarskap. Eigarskapsmeldinga vart revidert hausten 2026.

I tråd med politiske vedtak er aksjar i Ågotnes Næringspark selt og aksjar i Sambygg kjøpt. Sambygg AS er under avvikling og eigedomen vil bli overført til kommunal drift. Det er gjennomført verdivurdering av Naturgassparken Vest og CCB Kollsnes.

Framlegg til statsbudsjett



Regjeringa sine hovudprioriteringar i framlegget til statsbudsjett for 2027 er:

- Tryggleik for landet
- Tryggleik for økonomien
- Tryggleik for helsa
- Tryggleik for arbeids- og næringslivet
- Tryggleik for barn og unge
- Ein klimapolitikk som kutter utslepp

Satsingsområda i budsjettframlegget for Kommunal- og distriktsdepartementet i 2027 er:

- **130 000 nye bustader**. Ein trygg bustadsituasjon er grunnlaget for eit godt liv. For regjeringa er det eit mål at fleire skal få moglegheit til å eige eigen bustad, og at bustadpolitikken bidrar til å jamne ut økonomiske, sosiale og geografiske forskjellar. Regjeringa si bustadpolitikk har som eit viktig mål å gjere det enklare å komme seg inn på bustadmarknaden.

  Regjeringa sitt mål om 130 000 igangsette bustader innan 2030 er forankra i Regjeringas plan for Norge. Regjeringa jobbar med tiltak som på ulike måtar bidrar til bustadbygging på kort og lengre sikt. Dette inneber òg tiltak som bidrar til å betre rammevilkåra, få ned reguleringstrykket og redusere byggekostnadane. Målet inneber at regjeringa løftar og revitaliserer bustadpolitikken. Arbeidet er operasjonalisert i tre delmål: å legge til rette for bustadbygging, ta betre i bruk eksisterande bygg og bidra til ein velfungerande leigemarknad.

- **Eit sterkt og velfungerande kommunesystem**. Eit sterkt og velfungerande kommunesystem er avgjerande for å sikre gode tenester, små forskjellar og like moglegheiter i heile landet. Når kommunane har kapasitet til å møte nye behov, styrkjer ein fellesskapet og tilliten i samfunnet. I ei tid med behov for store omstillingar – som følgje av endringar i demografi, klima og teknologi – må vi sørgje for at kommunane står godt rusta. Det handlar både om sikkerheit for folk i kvardagen og om å gi framtidstru gjennom gode velferdstilbod, ansvarleg økonomistyring og lokal utviklingskraft.

  Omstillingsbehov som følgje av mangel på arbeidskraft og demografiendringar treffer alle kommunar, men nokre meir enn andre. Ulike kommunar har ulike føresetnadar for å møte desse utfordringane. Regjeringa vil bevare eit sterkt lokaldemokrati og eit kommunesystem

basert på generalistkommuneprinsippet som leverer likeverdige tenester til innbyggarane i heile landet. Staten må sørgje for rammeføresetnadar som legg til rette for at kommunane kan møte utfordringane. Kommunane har sjølv ansvaret for omstilling, og for å finne lokale løysingar på korleis utfordringane best kan møtast.

- **Ein heilskapleg nordområdepolitikk**. Nordområda er Noreg sitt viktigaste strategiske satsingsområde og regjeringa vil bidra til auka busetnad i nord. Dei siste åra har vore prega av geopolitiske omveltingar som tydeleggjer behovet for ein styrka og samordna nordområdepolitikk. Kommunal- og distriktsdepartementet har hovudansvar for å koordinere nordområdepolitikken, i samarbeid med Utanriksdepartementet. I 2025 la regjeringa fram Norge i nord – Nordområdepolitikken i en ny virkelighet, med mål om at «Nord-Noreg skal ha livskraftige lokalsamfunn der folk ønskjer å bu, og som bidreg til sikkerheit og beredskap». Sterke kommunar er avgjerande for utviklinga i nord. Regjeringa vil støtte opp om kommunane si evne til å handtere demografiske endringar og levere gode tenester til innbyggarane. Samstundes skal ein legge til rette for at satsinga på Forsvaret gir positive ringverknader for lokalsamfunna, gjennom auka aktivitet, arbeidsplassar og utvikling av bustader og tenester. Dei naturgitte føresetnadene i nord gir store moglegheiter for næringsutvikling og verdiskaping, og regjeringa vil bidra til å utvikle attraktive lokalsamfunn med eit rikt kultur- og samfunnsliv.

- **Betre og meir effektive arealprosessar**. Arealplanlegging er eit av dei viktigaste styringsverktøya vi har for å løyse fleire samfunnsutfordringar på ein gang. Planlegging etter plan- og bygningslova er òg eit sentralt verkemiddel for korleis Noreg skal lykkast med å nå berekraftsmåla. Samfunnssikkerheit og beredskap, forsvarsformål, samfunnskritisk digital infrastruktur og behov for næringsutvikling, bustadbygging, fornybar energi og nett skal vektleggast i samfunns- og arealplanlegginga. Plansystemet skal sikre heilskap, langsiktige perspektiv og samordning på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Kommunar og fylkeskommunar har rolla som samfunnsutviklar og er planmyndigheit med ansvar for arealforvaltinga. Samspelet mellom dei ulike forvaltingsnivåa og dei ulike sektormyndigheitene er avgjerande for å lykkast med regjeringa si satsing på betre og meir effektive arealprosessar.

  Lange, uføreseielege planprosessar kan forsinke samfunnsutvikling, bustadbygging og grøn omstilling, auke kostnadar og skape konflikt mellom ulike forvaltingsnivå og sektorar. Regjeringa ønskjer betre og meir effektive arealprosessar og har sett i gang fleire tiltak for å oppnå dette.

- **Eit sterkt demokrati - tillit og openheit**. Frie og hemmelege val er grunnleggande i demokratiet vårt. Tilliten til val og demokratiet som styreform er høg i Noreg, og det er viktig at den blir oppretthalden.

Regjeringa legg opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane og fylkeskommunane frå 2026 til 2027 med kr 3,2 mrd, av dette er kommunane sin del rekna til kr 2,6 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2026 til 2027 vil koma som eit tillegg i inntektene. Veksten i frie inntekter må dekka auka kostnadar som følgje av befolkningsutviklinga. Pårekna meirkostnadar til demografi i 2027 er rekna til kr 2,7 mrd for kommunesektoren, av dette kr

2,2 mrd for kommunane. Dette er den delen av meirkostnadane som må bli dekte av veksten i dei frie inntektene.

Auka handlingsrom utover meirkostnader til demografi, kan difor for 2027 reknast til kr 0,5 mrd. for heile kommunesektoren. Av dette kan kommunane sin del reknast til kr 0,4 mrd. I dette beløpet for kommunane er kr 80 mill. grunngitt med opptrappingsplanen for psykisk helse.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret vert auka frå 11,35 % i 2026 til 13,40 % i 2027. Bakgrunnen for fastsetjing av skatteøyret er at skattedelen av kommunane sine samla inntekter framleis skal vera om lag 40 % også for 2027.

Barnehage

Maksprisen vert vidareført nominelt med kr 1 200 per månad. Tilskotet til toppa bemanning vert vidareført med kr 800 mill, utan prisjustering.

Skule

Smågruppeundervisning
Regjeringa gjer framlegg om å innføra eit nytt øyremerkt tilskot til smågruppeundervisning. Tilskotsordninga skal bidra til at fleire elevar får meir opplæring i lesing, skriving og rekning i mindre grupper.

Det blir teke sikte på å innlemma tilskotet i rammetilskotet til kommunane frå år 2030. Tilskotet skal nyttast til å gi tettare oppfølging i lesing, skriving og rekning for elevane. Tilskotet skal bidra til at skulane i større grad nyttar smågruppeundervisning i opplæringa.

Det er framlegg om ei løyving på kr 465,4 mill til det nye øyremerkte tilskotet for 2027. Ordninga skal starte frå skuleåret 2027-2028.

Leksehjelp
Kunnskapsdepartementet sender på høyring framlegg om å oppheva plikt til å tilby leksehjelp på 1. – 4. trinn i grunnskulen, med verknad frå hausten 2027. Som følgje av dette blir rammetilskotet til kommunane redusert med kr 350 mill. Dette er berekna kostnad av plikta for hausten 2027.

Tilskot per grunnskule

Frå 2022 er det gitt eit tilskot per kommunal grunnskule. Tilskotet er gitt med ei særskilt fordeling i rammetilskotet, basert på talet for grunnskular og finansiert med eit likt beløp per innbyggjar innafor innbyggjartilskotet til kommunane. Tilskotet er vidareført i framlegget for 2027 med kr 1,439 mrd samla for kommunane i landet. Tilskotet inngår i beløp for rammetilskot. Tilskotssats blir prisjustert med 3,8 % for 2027 til kr 605 397 per grunnskule. For Øygarden kommune er kr 11,503 mill av innbyggjartilskotet knytt mot talet på grunnskular.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2026 til 2027 som særskilt fordeling, med priskompensasjon. For 2027 er rammetilskotet samla til dette føremålet kr 1 196,6 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100 000 per kommune. For Øygarden kommune utgjer auken frå 2026 til 2027 kr 369 000.

Auka basistilskot fastlegar

Kommunane er kompensert for meirkostnad i eit halvt år av auka basistilskot til fastlegar i 2026. For 2027 vert kommunane kompensert for heilårsverknaden.

Ressurskrevjande tenester

Kommunane får tilskot for personar under 67 år som mottar omfattande tenester innan helse, sosial og pleie- og omsorg frå kommunen. Dette kan mellom anna gjelda psykisk utviklingshemma, fysisk utviklingshemma, rusmisbrukarar, personar med psykiske lidingar og personar med omfattande pleiebehov.

Føremålet med toppfinansieringa er å sikra at tenestemottakarar som krev stor ressursinnsats frå det kommunale tenesteapparatet, får eit best mogleg tilbod uavhengig av kommunen sin økonomiske situasjon.

Det er lagt opp til følgjande for 2027:

- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,921 mill til kr 2,042 mill for netto utgifter i 2026. I dette inngår pårekna lønsvekst i 2026 med 5,1 % inkludert pensjon, og i tillegg kr 23 000 utover lønsvekst som ei innstramming av ordninga.
- Kompensasjonen som vert utbetalt frå staten til kommunane i 2027 skal inntektsførast i kommunane sine rekneskap i 2026. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Berekningsmodell er endra frå og med 2025. Eigendelane er framleis 20 % over innslagspunktet på landsbasis for utbetalt kompensasjon, men varierer i den nye modellen mellom kommunane.

I den nye berekningsmodellen er det to eigendelar:

1. Det blir først berekna ein eigendel over innslagspunktet som er lik per innbyggjar for alle kommunane i landet. Eigendel per innbyggjar blir multiplisert med innbyggjartalet i kommunen for å finne summen for den første eigendelen i kommunen.
2. Den andre eigendelen vil vera 10 % av netto utgiftene over innslagspunktet etter at den første eigendelen er trekt frå.

I denne modellen er det to eigendelar som til saman blir eigendel over innslagspunktet. Eigendelane vil framleis utgjera 20 prosent av utgiftene på landsbasis, men vil i den nye modellen variera mellom kommunane. Ny modell skal i større grad kompensera kommunar med høge utgifter til tenestene per innbyggjar.

For 2027 har vi budsjettert med ei inntekt vedkomande ressurskrevjande tenester på kr 70,6 mill. Dette er ein auke frå 63,5 mill i 2026.

Integreringstilskot

Integreringstilskotet for å ta imot flyktningar i 2027 er prisjustert i forhold til satsane i 2026 og er følgjande:

Busettingsår	Satsar 2023	Satsar 2024	Satsar 2025	Satsar 2026	Satsar 2027
år 1 (einslege vaksne)	241 100	241 100	250 500	250 500	260 000
År 1 (andre vaksne)	194 400	194 400	202 000	202 000	209 700
År 1 (einslege mindreårige)	187 000	187 000	194 300	194 300	201 700
År 1 (barn)	194 400	194 400	202 000	202 000	209 700
År 2	249 500	249 500	259 200	259 200	269 100
År 3	177 400	177 400	184 300	184 300	191 300
År 4	88 000	88 000	91 400	91 400	94 900
År 5	72 000	72 000	74 800	74 800	77 600
Sum (einslege vaksne)	828 000	828 000	860 200	860 200	892 900
Sum (andre vaksne)	781 300	781 300	811 700	811 700	842 600
Sum (einslege mindreårige)	773 900	773 900	804 000	804 000	834 600
Sum (barn)	781 300	781 300	811 700	811 700	842 600

Øygarden kommune har budsjettert med kr 87,3 mill i integreringstilskot i 2027 (2026: 100,1 mill). Dette er berekna med føresetnad om at vi tar imot 50 nye flyktningar i 2027.

Heildøgns omsorgsplassar - investeringstilskot

Regjeringa gjer framlegg om ei tilsegnsramme i 2027 for investeringstilskot som legg til rette for om lag 1 750 heildøgns omsorgsplassar. Dette er 250 fleire plassar enn i 2026.

Etablering av omstillingstilskot innanfor helse og omsorg

I samband med Helsepersonellplan 2040 er det framlegg om å samla ei rekke tilskot under Kompetanseløft 2025 for å oppretta eit meir fleksibelt omstillingstilskot til kommunane. Det vert foreslått kr 681,7 mill til tilskotet, der kr 637 mill er omdisponert frå andre tilskotsordningar. Omstillingstilskotet skal bidra til auka handlefridom for kommunane til å planleggja og gjennomføra tiltak tilpassa eigne føresetnadar og bidra til eit taktskifte i omstillingsarbeidet. Vidare skal tilskotet bidra til å behalda, rekruttera og ivareta personell, utvikla tenestene samt bidra til å fremma interkommunalt samarbeid for meir robuste fag- og kompetansemiljø.

Kompensasjon for endringar i regelverket for eigedomsskatt

Kommunane er delvis kompenserte for reduserte eigedomsskatteinntekter (utover eigendel per innbyggjar) som følgje av bortfall eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar. Kompensasjon er gitt som særskilt fordeling i inntektssystemet. Omlegginga er gjennomført gradvis over sju år frå og med 2019, slik at endringa fekk full verknad i 2025. Ordninga vert vidareført i 2027, og Øygarden kommune får ein kompensasjon gjennom rammetilskotet på kr 7,7 mill. Dette er på same nivå som i 2026.

Løns- og prisvekst

Berekna løns- og prisvekst (deflator) i statsbudsjettet for 2027 er 3,8 %. Av dette utgjer pårekna lønsvekst inkl. pensjon 4,5 % og prisvekst 2,9 %.

Frå og med 2026 inngår meirkostnadane til pensjon i kostnadsdeflatoren.

Hovudtala i budsjettframlegget



Sentrale inntekter

Beløp i 1000

				Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Inntekts- og formuesskatt	-1 605 263	-1 675 000	-1 677 500	-1 791 000	-1 791 000	-1 791 000	-1 791 000
Rammetilskot	-1 409 624	-1 467 023	-1 487 698	-1 533 000	-1 533 000	-1 533 000	-1 533 000
Eigedomsskatt	-183 298	-184 000	-184 000	-184 000	-184 000	-184 000	-184 000
Andre generelle driftsinntekter	-157 570	-165 900	-165 900	-112 200	-142 900	-115 000	-157 600
Sum frie inntekter	**-3 355 755**	**-3 491 923**	**-3 515 098**	**-3 620 200**	**-3 650 900**	**-3 623 000**	**-3 665 600**

Frie inntekter (skatt og rammetilskot)

Frie inntekter er midlar kommunane fritt kan disponera utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og reglar. Prognosen på skatteinntekter og rammetilskot er basert på anslaga i statsbudsjettet for 2027.



KS sin prognosemodell er brukt ved berekning av dei frie inntektene (skatt og rammetilskot). Framlegget til statsbudsjett for 2027 legg opp til ein skatteauke frå 2026 til 2027 med 5,1 %. Samla skatteanslag i Noreg er kr 261,8 mrd i 2027.

Skattøyre er kor stor del av skatt på alminneleg inntekt for personlege skattytarar som skal gå til kommunane. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skattøyre vert justert frå 11,35 % i 2026 til 13,40 % i 2027. Bakgrunn for fastsetjing av skatteøyret er at skattedelen av kommunane sine samla inntekter framleis skal vera om lag 40 prosent også for 2027.

Skatteutjamninga jamnar delvis ut skilnadar i skatteinntekter mellom kommunane. Skatteutjamninga omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftføretak. Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet vert kompenserte for 64 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet vert i tillegg kompenserte for 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet.

År	Skattenivå i % av landsgj.sn	Skattevekst Øygarden	Skattevekst landet
2019		4,5 %	4,7 %
2020	89,0 %	-1,4 %	-0,7 %
2021	87,8 %	15,0 %	16,1 %
2022	87,1 %	12,1 %	12,8 %
2023	88,8 %	-3,1 %	-4,7 %
2024	91,8 %	4,6 %	1,4 %
2025	94,7 %	14,4 %	10,9 %
B-2026	94,3 %	5,7 %	5,3 %
B-2027	94,4 %	5,6 %	5,2 %

Øygarden kommune har eit skattenivå som er lågare enn landsgjennomsnittet. I 2025 hadde kommunen eit skattenivå på 94,7% av landsgjennomsnittet. Det er rekna med at skattenivået vil liggja på omlag 94,4 % av landsgjennomsnittet i 2027. Samtidig har vi lagt til grunn ein lokal skatteinngang i 2027 som er noko betre enn landsgjennomsnittet og ei befolkningsvekst på 0,9 %.

Dei einskilde elementa i rammetilskotet for 2027 er vist i tabellen under:

Rammetilskot (mill kr)	**Budsjett 2027**
Innbyggjartilskot	1 487 106
Utgiftsutjamning	-96 149
INGAR	2 598
Saker med særskilt fordeling	41 997
Inndelingstilskot	37 469
Regionsentertilskot (kommunereform)	
Ordinært skjønn	4 700
Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning	**1 477 721**
Netto inntektsutjamning	54 908
Sum rammetilskot	**1 532 629**

Eigedomsskatt

I 2019 vart eigedomsskattelova endra. For Øygarden kommune er verknaden av endringa totalt om lag kr 11 mill per år i redusert eigedomsskatt etter overgangsperioden på sju år. Kompensasjonen for 2027 er kr 7,746 mill og vert gitt over rammetilskotet.

Siste alminnelege taksering vart gjennomført i 2023. For 2027 vert eigedomsskatt i Øygarden kommune skrive ut etter eigedomsskattelova § 3 første ledd c "berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum".

I KS-sak 096/25 vedtok kommunestyret at Øygarden kommune ikkje skulle innføra eigedomsskatt på næringsverksemd. Langsiktige tiltak er naudsynt for å skapa ein meir berekraftig kommuneøkonomi, og det er i utgangspunktet for høge investeringar som er problemet for Øygarden kommune. Det er grovt berekna at eigedomsskatt på næringsverksemd har eit inntektspotensial på kr 40-50 mill og at eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader har eit inntektspotensial på kr 55-65 mill.


Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter består av havbruksfond, integreringstilskot, særtilskot knytt til einslege mindreårige flyktningar samt rentekompensasjonsordningane for helse, skule og kyrkje.

Havbruksfond

Øygarden kommune får årlege inntekter frå Havbruksfondet. Figuren under syner korleis kommunesektoren sine inntekter frå havbruk er samansett og korleis dei vert fordelte. I 2027 er det

ikkje sal av nye tillatingar. Produksjonsavgifta er 96,5 øre per kg.



Føremålet med tilskotet er at kommunar som stiller areal til disposisjon for havbruksnæringa, skal få ein del av verdiskapinga. Det er budsjettert med desse inntektene i økonomiplanen:

	R-2020	R-2021	R-2022	R-2023	R-2024	R-2025	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029	B-2030
Havbruksfond	32 416	10 335	42 169	18 617	57 627	13 538	58 800	17 400	48 100	20 200	62 800

Inntektene frå Havbruksfondet er budsjettert med kr 17,4 mill i 2027.

I juni 2025 bad Stortinget regjeringa om å vidareutvikla havbruksfondet for å sikra og oppretthalde stabile og føreseielege inntekter til vertskommunar, vertsfylke og lokalsamfunn. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Integreringstilskot

Etter krigen i Ukraina starta busette Øygarden kommune relativt mange flyktningar. Kommunen mottar integreringstilskot i fem år etter busetting, noko som betyr at inntekter frå integreringstilskot vert redusert når busettinga no i 2026 er på eit meir moderat nivå.

Øygarden kommune har budsjettert med kr 87,3 mill i integreringstilskot i 2027 (2026: 100,1 mill). Dette er berekna med føresetnad om at vi tar imot 50 nye flyktningar i 2027.

Rentekompensasjon

Kommunen får rentekompensasjon for omsorgsbustader og sjukeheimar, kyrkjebygg, skular og svømmeanlegg. Tilskotet vert utbetalt frå Husbanken, og det er Husbanken sin eigen flytande rente som ligg til grunn for berekningane av rentekompensasjonen. Felles for ordningane er at kompensasjonen som blir utbetalt i økonomiplanperioden er basert på tilsegn gitt tilbake i tid.

Kompensasjonen per prosjekt vert berekna ut frå eit serielån med 20 års løpetid og flytande rente i Husbanken, inkludert 5 års avdragsfri periode. Etter utløpet av den avdragsfrie perioden vert berekningsgrunnlaget gradvis redusert med 1/15 per år. Kompensasjonen i økonomiplanperioden utgjer omlag kr 7,5 mill.

Driftsutgifter per tenesteområde (1B)

Beløp i 1000

				Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Politisk	21 257	21 169	21 169	32 143	19 433	21 433	19 433
Kommunedirektør	41 998	37 247	39 102	44 120	42 808	42 808	42 808
Finans og økonomi	97 620	111 400	112 618	122 175	122 675	116 875	115 875
Organisasjon og beredskap	384 275	413 044	416 134	430 306	431 206	430 206	429 206
Helse og velferd	1 142 015	1 155 987	1 180 747	1 241 749	1 250 999	1 250 549	1 285 549
Oppvekst	1 218 384	1 238 723	1 259 586	1 289 267	1 274 917	1 265 297	1 259 233
Samfunnsutvikling	339 383	357 703	367 492	365 704	365 898	364 542	364 542
Finans	-136 011	-92 365	-127 565	-128 029	-127 801	-127 475	-127 811
Utgåtte ansvar	0	0	0	0	0	0	0
Driftsutgifter per tenesteområde	**3 108 921**	**3 242 909**	**3 269 284**	**3 397 436**	**3 380 136**	**3 364 236**	**3 388 836**

Lønsutgifter

I statsbudsjettet er det lagt opp til ein årslønsvekst på 4 %. I budsjettet for 2027 er det lagt inn ein avsetting på kr 50,2 mill til dekking av lønsoppgjeret i 2027.

	R-2025	B-2026	B-2027	Endr 26-27
Lønsutgifter	2 042 285	2 029 902	2 128 705	4,8 %
Sosiale utgifter	495 698	506 698	518 587	2,3 %
Sum	2 537 983	**2 536 571**	**2 647 292**	**4,4 %**

Frå opphaveleg budsjett 2026 til budsjett 2027 har lønsutgiftene inkl. sosiale utgifter auka med 4,4 %. Løn utgjer 66 % av driftsutgiftene i budsjett 2027.

Pensjon

Pensjon er budsjettert i samsvar med gjeldande reglar og med 7 års amortisering av premieavvik. Kommunane skal etter gjeldande regelverk rekneskapsføra netto pensjonskostnad. Dette er eit anna beløp enn det som vert innbetalt i premie. Avviket mellom premien og den rekneskapsførte kostnaden vert kalla premieavvik. For 2027 vil pensjonskostnadane utgjera om lag kr 202 mill for Øygarden kommune.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

				Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Renteinntekter	-52 051	-52 186	-52 186	-67 136	-67 136	-67 136	-67 136
Renteutgifter	184 118	185 000	185 000	212 000	219 500	201 500	210 500
Avdrag på lån	106 425	109 000	109 000	115 500	121 000	129 000	133 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	-17 000	-17 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Utbytte og eigaruttak	0	-35 800	-36 800	-69 600	-36 600	-36 600	-36 600
Netto finansinntekter/finansutgifter	**238 492**	**189 014**	**188 014**	**170 764**	**216 764**	**206 764**	**219 764**
Finansutgifter i tenesteområda	2 984	0	0	0	0	0	0
Totale finansutgifter	**241 476**	**189 014**	**188 014**	**170 764**	**216 764**	**206 764**	**219 764**
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0	0

Utbytte og eigaruttak

Beløp i mill kr	R-2023	R-2024	R-2025	R-2026	B-2027	B-2028	B-2029	B-2030
Utbytte frå Eviny AS	61,0	44,8	35,8	37,8	69,0	36,0	36,0	36,0
Utbytte frå BIR AS	1,1	0,05	0,08	0,6	0,6	0,6	0,6	0,6
Sum utbytte	**62,1**	**44,9**	**35,9**	**38,4**	**69,6**	**36,6**	**36,6**	**36,6**

Eviny

Eviny AS produserer og leverer fornybar energi gjennom vatnkraft, fjernvarme og elektriske

infrastrukturtenester. Selskapet utviklar også løysingar for elektrifisering, som ladestasjonar og energistyring, for å bidra til grøn omstilling i regionen. For 2027 har Eviny gitt signal om eit utbytte i eit intervall mellom kr 60 mill og kr 74 mill til Øygarden kommune. Dette er basert på selskapet sitt ekstraordinære gode resultatestimat for 2026, som hovudsakleg skuldast betydeleg auka marknadsprisar på straum gjennom året. I budsjettet for 2027 er utbytte lagt inn med det mellomste estimatet som Eviny har oppgitt.

Eviny har dei seinaste åra levert eit utbytte på omlag kr 36-38 mill til kommunen, og det er ikkje venta vesentlege endringar i selskapet sin økonomi som tilseier lågare utbetalingar i økonomiplanperioden. Bakgrunnen for anslaget er at Eviny har eit stabilt inntektsgrunnlag i hovudsak frå kraftproduksjon.

BIR

BIR AS handterer avfall og gjenvinning for innbyggjarar og bedrifter i Bergensområdet. Øygarden kommune mottok i 2026 eit utbytte frå BIR på kr 0,6 mill, og vi reknar med same utbytte frå selskapet i økonomiplanperioden.

Renteutgifter

Det vert forventa at renteutgiftene i 2027 vil vera kr 27 mill høgare enn vedtatt budsjett 2026. Utover i økonomiplanperioden aukar differansen. Basert på investeringsprogrammet og tilhøyrande finansiering vil gjelda auke i økonomiplanperioden.

For 2027 har vi ikkje lagt til grunn renteheving eller rentenedsetjing i løpet av året. Se tabellen under for forventa utvikling i åra 2028-2030.

	Forward 3 mnd NIBOR	Påslag kredittmargin	Budsjettrente
2027	4,8	0,6	5,4
2028	4,3	0,6	4,9
2029	3,8	0,6	4,4
2030	3,8	0,6	4,4

Anslag er brukt ved berekning av renter knytt til refinansiering og nye lån i økonomiplanperioden. Kommunen er følsam for endringar i rentenivået. Ein stress-test som er utarbeidd viser at ein renteoppgang på eitt prosentpoeng gir auka renteutgifter på omlag kr 32 mill årleg.

Oversikta under viser renteutgifter på lån i kvart år i økonomiplanperioden og endring samanlikna med vedtatt budsjett 2026:

Beløp i mill kr	2026	2027	2028	2029	2030
Renteutgift lån	185	212	219,5	201,5	210,5

Beløp i mill kr	2026	2027	2028	2029	2030
Endring samanlikna med vedtatt budsjett 2026		27	34,5	16,5	25,5

Det auka investeringsnivået frå 2026 gjer at renteutgiftene aukar i perioden sjølv med ei forventning om lågare rentenivå. Lånebehovet er mindre i 2029, som følgje av at investeringar kan finansierast ved salsinntekter. Det gjer at renteutgiftene vert redusert i dette året.

Avdrag på lån

Utgifter til avdrag på lån er berekna med utgangspunkt i kommunen si samla gjeld. I berekningane har vi tatt høgde for forventa låneopptak i resten av økonomiplanperioden.

Det er lagt til grunn estimert minimumsavdrag, som er det minste beløpet kommunen er forplikta til å betala i avdrag låna kvart år, jf. Kommunelova § 14-18 og forskrift om minimumsavdrag. Minimumsavdraget skal minst vera lik avskrivingane justert for storleiken på lånegjelda og verdien på avskrivbare anleggsmidlar. Det er i budsjett 2027 budsjettert med kr 115,5 mill i avdrag. Dette er ein auke på kr 6,5 mill frå budsjett 2026. Oversikta under viser storleiken på avdrag i kvart år i økonomiplanperioden og auke samanlikna med vedtatt budsjett 2026:

Beløp i mill kr	2026	2027	2028	2029	2030
Avdrag	109	115,5	121	129	133
Endring samanlikna med vedtatt budsjett 2026		6,5	12	20	24

Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar

Det er budsjettert med gevinst på finansielle omløpsmidlar på kr 20 mill i økonomiplanperioden. Dette ut frå at kravet til avkastning på obligasjonar og aksjar minst skal tilsvara avkastning ved å plassera midlane i bank.

Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

				Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Til ubundne avsetningar	0	0	0	52 000	54 000	52 000	57 000
Netto avsetningar	**0**	**0**	**0**	**52 000**	**54 000**	**52 000**	**57 000**
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	-3 500	-1 440	6 203	-1 827	-1 827	-1 827	-1 827
Totale avsetningar	**64 127**	**58 560**	**64 003**	**50 173**	**52 173**	**50 173**	**55 173**

Gebyr og brukarbetaling

Gebyr og brukarbetaling er generelt justert i forhold til lønsvekst med 4 %. Unntak frå dette er:

- Barnehage (følgjer makspris)
- Feiing 10 %
- Byggesak 0 %

Maksprisen i barnehage er kr 1 200.

Private planforslag hadde ein finansiell dekningsgrad på 56 % i 2025, og må aukast monaleg for å hindra at andre tenester subsidierer sjølvkostområdet. Kommunedirektøren legg opp til ei gradvis opptrapping over fire år.

ØyVAR:

Meirverdiavgifta på vatn og avløp er 15%.

I forhold til budsjett 2026 er det slik auke i gebyra for 2027:

- Vatn 6,2 %
- Avløp 3,7 %
- Tømming av private tankar/ slamavskiljar 5,0 %
- Hushaldningsrenovasjon 2,4 %
- Kontroll og tilsyn av private avløpsanlegg 3 %

Oversikt over alle gebyr og brukarbetalingar i budsjett 2027 ligg som eige kapittel.

Til ubundne avsetningar

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- eller investeringsutgifter. Kommunen har per 31.12.2025 kr 135,5 mill i disposisjonsfond, noko som utgjer 3,6 % av brutto driftsinntekter.

Øygarden kommune har vedtatt at disposisjonsfondet skal aukast til 5 % (omlag kr 200 mill) av brutto driftsutgifter. Det ligg an til at dette målet vil oppnås i 2026, og kommunedirektøren har difor budsjettert med noko lågare avsetnad i åra 2027-2030. Statsforvaltaren i Vestland har uttalt at fondet bør aukast til omlag kr 300 mill, noko framlegget til økonomiplan 2027-2030 legg opp til.

Samla oversikt over tiltak



Foto: Ill. Colourbox

Generelt vert alle tiltak vidareført frå 2026 om det ikkje er omtalt spesielt i budsjettet for 2027.

Samla oversikt over nye tiltak i budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030:

Sjølv i eit krevjande budsjett har kommunedirektøren funne rom for å legga inn prioriterte nye tiltak.

Kommunalsjefområde	Tiltak	2027	2028	2029	2030
Politisk	Til formannskapets disposisjon	10 000			
Kommunedirektør	KS-sak 049/26 Øygarden kyrkjelege fellesråd, deflatorjustering	1 312			
Finans og økonomi	Velferdsteknologi, eit årsverk	500	1 000	1 000	1 000
Organisasjon og beredskap	Beredskapslager	150	1 500	1 500	1 500
Helse og velferd	Bemanningsplanleggjar - eit årsverk	500	1 000	1 000	1 000
	Digitalt turnusprogram	500	1 000	1 000	1 000
	Drift nye heildøgns omsorgsplassar				35 000
	Grønebakkane - 1,2 årsverk	825	1 275	825	825
	Medlevar - ny særavtale	1 013	1 013	1 013	1 013

Kommunalsjefområde	Tiltak	2027	2028	2029	2030
	Opptrapping heildøgns omsorgsplassar, Hidlamyra		6 500	6 500	6 500
	Servicemedarbeidarar	8 760	8 760	8 760	8 760
	Straumehagen - eit årsverk	750	750	750	750
	Straumsfjellet avlastning - 0,8 årsverk	630	630	630	630
	Tryggleiksalarm - ingen brukarbetaling	1 582	1 582	1 582	1 582
Oppvekst	Barnevern, oppfølging tilsyn - eit årsverk	1 000	1 000	1 000	1 000
	Forprosjekt kommunalt butiltak/ avlastningstilbud barnevern	300			
	Lesesatsing i skulen	750	1 500	1 500	1 500
	Levekårssatsing - heilskapleg oppfølging av utsette familiar	500			
Samfunnsutvikling	GIS-rådgjevar	525	525	525	525
	Oppgåvebasert arbeidsmarknad og digital plattform	500	750	500	500
	Veterinærvakt	387	387	387	387
Sum		**30 484**	**29 172**	**28 472**	**63 472**

Nye tiltak vert nærare kommentert under det enkelte kommunalsjefområde.

Samla oversikt over nye omstilling/ effektiviseringstiltak i budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030:

Kommunalsjefområde	Tiltak	2027	2028	2029	2030
Politisk	Kommuneplanutvalet (KS- sak 101/26)	-1 385	-1 440	-1 440	-1 440
	Tal kommunestyrerepresentantar		-300	-300	-300
	Varaordførar, 50 % stilling		-355	-355	-355
Finans og økonomi	Effektivisering administrasjonen			-5 800	-6 800
Organisasjon og beredskap	Effektivisering administrasjonen	-450	-900	-1 900	-2 900
	Kantina vert lagt ned ved utflytting frå rådhuset	-315	-315	-315	-315
	Lærlingar/ meir optimalt læringsløp	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Helse og velferd	Arbeidskøyring VTA-plassar	-500	-500	-500	-500
	Reduserte kjøpte tenester	-400	-400	-400	-400
	Økonomisk sosialhjelp	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Oppvekst	Avvikle aktivitetskortet	-500	-500	-500	-500
	Avvikling av ferie-SFO	-1 000	-2 500	-2 500	-2 500
	Demografijustering barn og familie			-500	-500
	Demografijustering barnehage	-1 670	-3 700	-2 900	-2 500
	Demografijustering skule	-250	-2 700	-7 350	-11 000
	Miljørettleiarar i skulen	-400	-900	-900	-900
	Oppvekst - administrasjon/ prosjekt		-500	-1 000	-1 000

Kommunalsjefområde	Tiltak	2027	2028	2029	2030
	Reduksjon assistent/ fagarbeidar i skule	-500	-1 500	-3 000	-3 000
	Reduksjon barnehage - støtte/ individuell tilrettelegging		-1 000	-1 000	-1 000
	Reduksjon familiehjelpa		-750	-1 000	-1 000
	Reduksjon helsestasjon/ skulehelsetenesta		-1 000	-2 000	-2 000
	Reduksjon lærings- og integreringssenter		-1 000	-1 500	-1 500
	Reduksjon miljørettleiarar i skule	-500	-1 500	-3 000	-3 000
	Reduksjon styrkingstiltak i skule utover minimumskrav	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
	Reduksjon trivselsmidlar skule	-500	-500	-500	-500
	Reduksjon kjøp av eksterne opplæringsarenaer	-700	-1 500	-1 500	-1 500
	Redusere nivå undervisningsmateriell i skulen	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
	Redusere opningstid i kommunale barnehagar	-750	-1 500	-1 500	-1 500
	SFO, auke i betalingssats med 14 %	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
	Strukturtiltak i barnehage, skule og helsestasjon				-3 000
	Transport, ikkje-lovpålagde tenester i barnehage og skule	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
	Utstyrspark for realfagsundervisning i skulen	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Samfunnsutvikling	Arealeffektivisering, kontorstruktur og flytting til Solsio	-5 850	-5 850	-5 850	-5 850
	Demografijustering kulturskule	-500	-1 000	-1 000	-1 000

Kommunalsjefområde	Tiltak	2027	2028	2029	2030
	Innbyggjardialog, Skogsskiftet og Rong	-450	-900	-900	-900
	Reduksjon årsverk Samfunnsutvikling	-1 215	-2 215	-3 215	-3 215
Sum		**-26 335**	**43 725**	**61 125**	**69 375**

Omstillingstiltaka vert nærare kommentert under det enkelte kommunalsjefområde.

Økonomisk utvikling og handlingsreglar



Ei berekraftig økonomisk utvikling

Økonomiske handlingsreglar

Øygarden kommune har vedtatt følgjande økonomiske handlingsreglar:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Dei økonomiske måltala er kommentert i alle budsjett og årsmeldingar sidan 2020 samt i mange politiske saker. Status per 2025 er følgjande:


	Mål	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024	Resultat 2025
Netto driftsresultat	1,75 %	-4,7 %	-0,5 %	-0,3 %	1,36 %	-0,6 %	-1,0 %	1,6 %
Disposisjonsfond	5 %	3,6 %	2,7 %	2,3 %	3,8 %	3,1 %	1,8 %	3,4 %
Lånegjeld	100 %	100,7 %	104,1 %	86,6 %	87,5 %	84,1 %	80,2 %	75,3%

Netto driftsresultat er 1,6 % i 2025. Disposisjonsfondet er auka i 2025 og er no på 3,4 % av brutto driftsinntekter. Dette skuldast at kommunen gjekk med overskot i 2025. Lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter er redusert i høve 2025, og er i tråd med handlingsregelen. Den reelle lånegjelda er høg når ein tar omsyn til at verksemda for vatn, avløp og renovasjon, med tilhøyrande lånegjeld, er lagt til eit eige aksjeselskap ØyVAR. Lånegjelda i ØyVAR utgjer omlag kr 1,1 mrd per 31.12.2025.

Effektivisering og omstilling

Det vert stadig fleire eldre som betyr eit aukande behov for helse- og omsorgstenester i åra framover. Øygarden 2040 viser at investeringsbehova, med mange nye skulebygg og omsorgsbygg, er vesentleg høgre enn det investeringsramma per i dag kan handtera. Dette pressar økonomien og gjer at omstillinga i driftsbudsjettet blir større enn ønskjeleg.

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Øygarden	1,4 %	-0,6 %	-1,0 %	1,6 %	1,6 %	1,2 %	1,3 %	1,2 %	1,3 %
Handlingsregel	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av løpande inntekter etter at løpande utgifter er trekt ifrå, og er eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon til avsettingar og investeringar. Netto driftsresultat er såleis eit uttrykk for økonomisk handlefridom og er rekna for å vera den viktigaste indikatoren i kommuneøkonomien. Over tid bør netto driftsresultat liggja over 1,75 % av inntektene for at den økonomiske utviklinga skal vera sunn i følgje Teknisk berekningsutval og Statsforvaltaren.

Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg legg opp til eit netto driftsresultat på 1,2 % i 2027, 1,3 % i 2028, 1,2 % i 2029 og 1,3 % i 2030. Denne planen inneber ei stram prioritering i heile økonomiplanen, og der det ikkje er rom for auka utgifter ut over det økonomiplanen for 2027-2030 legg opp til.

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter




Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Øygarden	3,8 %	3,1 %	1,8 %	3,4 %	4,7 %	6,0 %	7,3 %	8,6 %	9,9 %
Handlingsregel	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- eller investeringsutgifter. Øygarden kommune har per 31.12.2025 kr 135,5 mill i disposisjonsfond, noko som utgjer 3,4 % av brutto driftsinntekter. Norske kommunar har gjennomsnittleg 11,9 % av brutto driftsinntekter i disposisjonsfond. Kostragruppe 10 har gjennomsnittleg 10,8 % av brutto driftsinntekter i disposisjonsfond.

Øygarden kommune har vedtatt at disposisjonsfondet skal aukast til 5 % (omlag kr 200 mill) av brutto driftsutgifter. Dette for å kunne handtera svingingar i inntektene og ha stabilitet i tenestene. Statsforvaltaren i Vestland har uttalt at fondet bør aukast til omlag kr 300 mill.

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Øygarden	82,8 %	79,8 %	76,4 %	71,9 %	74,2 %	80,6 %	86,9 %	87,3 %	91,5 %
Handlingsregel	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter utviklar seg negativt i planperioden som følgje av eit høgt investeringsnivå. Dette vil gje eit betydeleg mindre handlingsrom framover. Måltalet kan forbetrast ved å redusera lånegjelda.

Høgare gjeld gir auka finanskostnadar (renter og avdrag) og vil ha store driftskonsekvensar framover. Dette vil medføra at andre utgifter i drifta må reduserast. Eit alternativ til ytterlegare innsparingstiltak er å auka kommunen sine inntekter gjennom eigedomsskatt. Det er grovt berekna at eigedomsskatt på næringsverksemd har eit inntektspotensial på kr 40-50 mill og at eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader har eit inntektspotensial på kr 55-65 mill. Å innføra eigedomsskatt på næringsverksemd og bustader/ fritidsbustader har så langt ikkje vore ei ønskjeleg løysing, verken administrativt eller politisk. Sett i lys av konsekvesane ytterlegare innsparingar kan få for tenestetilbodet, kan spørsmålet om eigedomsskatt likevel vurderast på nytt.

Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Budsjett 2026	2027	2028	2029	2030
Sum inntekter	-3 950 826	-4 086 053	-4 119 776	-4 092 136	-4 134 314
Sum utgifter	3 869 253	4 032 117	4 017 840	4 002 200	4 026 378
Brutto resultat	**-81 574**	**-53 937**	**-101 937**	**-89 937**	**-107 937**
Netto finansutgifter og inntekter	189 014	170 764	216 764	206 764	219 764
Motpost avskrivinger	-166 000	-167 000	-167 000	-167 000	-167 000
Netto resultat	**-58 560**	**-50 173**	**-52 173**	**-50 173**	**-55 173**
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	58 560	50 173	52 173	50 173	55 173
Årsresultat	**0**	**-0**	**-0**	**-0**	**-0**
Netto resultat i prosent av sum inntekter	1,5 %	1,2 %	1,3 %	1,2 %	1,3 %

Kommunedirektøren har i framlegg til budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030 lagt vekt på å auka disposisjonsfondet for å byggja robustheit mot uventa hendingar.

Netto driftsresultat er under handlingsregelen i heile økonomiplanperioden. For å heva denne til målet på 1,75 % av brutto driftsinntekter krev det at driftsrammene vert redusert med ytterlegare kr 20 mill.

Medlemskap og søknadar



Medlemsskap

Oversikta viser ulike medlemsskap med framlegg om endringar i økonomiplanperioden

Organisasjon	Årleg kontingent	Framlegg til økonomiplan/ budsjett
Kommunenes sentralforbund	2 640 516	
Bergensalliansen	57 137	
Nettverk for petroleumskommunar	200 000	
Klimapartnere Vestland	50 000	
Vest Norges Brüsselkontor	229 128	
Vest næringsråd	786 403	
Øystart og Gründerparken Vest	780 000	
Bergen næringsråd	11 900	
Radio Sotra	213 000	Nedtrapping: 2026: 319 000, 2027: 213 000, 2028: 107 000, 2029: 0
Visit Bergen	786 403	
Landssamanslutninga av nynorskkommunar	73 603	

Organisasjon	Årleg kontingent	Framlegg til økonomiplan/ budsjett
Norges frivilligsentralar	12 000	
Stiftelsen Miljøfyrtårn	7 250	
Bergen og omland friluftsråd	1 132 254	
Norsk kulturforum	18 832	
Norsk kulturskoleråd	50 000	
Norsk fyrforening	1 000	
Trygg trafikk	3 500	
Landsforeningen ungdom og fritid	5 700	
BUA-partneravtale	39 719	
Norske kjernekraftkommuner	32 000	
Etablerersenteret	120 315	
Sund senterforening	1 000	
DigiVestland kommunesamarbeid	550 000	
Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest	106 409	

Søknadar

Oversikta viser mottekne søknadar i samband med budsjett 2027 og kommunedirektøren si innstilling til søknadane.

Organisasjon	Tekst	Søknad	Budsjett 2027	Budsjett 2026	Merknad
HomeStart Familiekontakten	Driftsmidlar	2 000 000	1 200 000	1 200 000	Søkjer også om midlar i 2028-2030
Basecamp	Grunnfinansiering regulert etter vedtektene		710 000	687 000	

Organisasjon	Tekst	Søknad	Budsjett 2027	Budsjett 2026	Merknad
Basecamp	Driftstilskot til oppsøkjande arbeid "Tett på"	312 000	112 000	112 000	
Basecamp	Driftstilskot til Arbeidspraksis	2 690 800	1 400 000	1 400 000	
Basecamp	Matbank	1 560 000	525 000	500 000	
Basecamp	Ope hus	2 392 000	600 000	600 000	
Basecamp	Kick-start	1 140 000	0		
Basecamp	Bua	700 000	0		
Fjell festning lysfestival	Driftstilskot	75 000	0	75 000	
Rong Brass	Driftstilskot	130 000	75 000	100 000	
Treff+	Driftstilskot		25 000	25 000	
Aktiv+	Driftstilskot		25 000	25 000	
Fjell festning	Tilskot til drift av festningsanlegget	3 700 000	2 175 000	2 100 000	
Autismeforeningen i Norge, Hordaland lokallag	Driftsmidlar	40 000	40 000	0	Søkjer om same beløp også i 2028 og 2029
Møvik og Skoge treningspark		250 000 - 350 000	0		
Skogsvåg IL	Gebyr, reguleringssak	480 000	0		
Dnt	Kystpasset	100 000	0		
Nordsjøfartmuseet					
Museum Vest	Driftstilskot	650 000	350 000	350 000	
Stiftinga Nordsjøfartmuseet	Vedlikehald	450 000	350 000	350 000	
Kystmuseet					

Organisasjon	Tekst	Søknad	Budsjett 2027	Budsjett 2026	Merknad
Museum Vest	Driftstilskot	3 039 920	2 632 000	2 632 000	
Stiftinga Kystmuseet	Vedlikehald	205 000	170 000	170 000	

Tilskota her kjem i tillegg til tilskotsordningar på kulturfeltet.

Kommunedirektøren oppmodar musea til å etablera veneforeiningar. Slike foreiningar kan bidra positivt økonomisk, fagleg og samfunnsmessig.

Investeringar i økonomiplanen



Investeringar i eit 10-års perspektiv

Kommunestyret vedtek årleg ein fireårig økonomiplan i tråd med kommunelova. Samstundes ser kommunedirektøren eit behov for å planleggja dei samla investeringane over ein lengre periode. Fleire av dei største investeringsprosjekta innan pleie- og omsorg, skule og kommunale bygg har ein planleggings- og gjennomføringshorisont som strekkjer seg langt utover fireårsperioden.

For å styrkje den langsiktige økonomistyringa vert det derfor presentert ein investeringsplan med eit tiårsperspektiv. Formålet er å gi politikarar og administrasjon betre grunnlag for å vurdera framtidige investeringsbehov, utvikling i lånegjeld, finansieringsbehov og driftskonsekvensar.

Investeringane i dei første fire åra inngår i den vedtekne økonomiplanen. Investeringar i år 5–10 er av strategisk karakter og skal ikkje reknast som bindande løyvingar. Desse vil bli vurdert på nytt og rullert årleg i takt med endringar i behov, prioriteringar, økonomiske rammer og framdrift i prosjekta.

Framlegg til investeringsprogram inneber ein investeringskostnad på kr 2,8 mrd i økonomiplanperioden 2027-2030 og kr 3,2 mrd i 10-årsperioden 2027-2036. Dette er i overkant ambisiøst slik den økonomiske løfteevna er i dag, og har store driftskonsekvensar i åra framover.

Investeringsramma for 2027 er kr 564 mill, noko som er ein auke på kr 184 mill frå 2026. Kr 28 mill er finansiert via midlar frå Miljøløftet. KLP eigenkapitaltilskot gjeld sjukepleiarar og er finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond. Kjøp av bilar er også finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond. Resten av investeringane er lånefinansiert. Investeringane er vurdert med tanke på prisjustering. Ved berekning av prisjustering tas det utgangspunkt i byggjekostnadsindeksene frå SSB og kommunal deflator.

Bruk av lån er kr 388 mill. Det er større behov i organisasjonen for investeringar enn det som er mogleg å prioritera i 2027 og i resten av økonomiplanperioden. Dei investeringane som er lagt inn byggjer på føringane frå Øygarden 2040 og seinare politiske styringssignal.

I planperioden prioriterer vi å rehabilitera bygg som gjer det mogleg å bruka dei i fleire år framover. Det er også planlagt bygging av ny sjukeheim på Straume, ny skule på Vestsida og fleire omsorgsbustader. Det er mange investeringsprosjekt med høge investeringskostnadar som også vil få

høge driftsutgifter til personale og til forvaltning, drift og vedlikehald av bygga. Dette må handterast i tillegg til auka finanskostnadar som følgje av store låneopptak.

Prioritering av investeringar

Investeringsbudsjettet er laga etter følgjande prioriteringar:

- Tidlegare forpliktingar (investeringar som er i gang og som det vert lagt inn midlar til for å fullføra)
- Pålegg/ HMS-krav
- Naudsynt rehabilitering
- Oppbygging av kapasitet innan pleie og omsorg

Tidlegare løyvingar som ikkje er brukt kjem i tillegg til dei budsjetterte investeringane i økonomiplanperioden. Desse vert rebudsjettert til 2027 i eiga sak.

Omtale av dei største investeringane i økonomiplanperioden

Dei største investeringane i økonomiplanperioden er:

- Nye Fjell ungdomsskule (Bildøy ungdomsskule)
- Omsorgsbustader for unge vaksne (ombygging av Terna barnehage)
- Ny sjukeheim Straume
- Ny skule på Vestsida

Nye Fjell ungdomsskule

Det er vedtatt og starta opp bygging av ny ungdomsskule på Bildøy som skal erstatta dagens bygg. Det er sett av totalt kr 504 mill i økonomiplanen til bygging av ny skule. I tillegg er det tidlegare løyvd kr 181 mill til prosjektet. Total prosjektkostnad er kr 685 mill.

Omsorgsbustader for unge vaksne

Ombygging av Terna barnehage til bustader for unge vaksne med særskilte behov. Prosjektet er under bygging og er planlagt ferdigstilt i 2027. Det er sett av kr 36,4 mill til omsorgsbustader for unge vaksne i 2027 i tillegg det til tidlegare løyvingar på kr 30,6 mill. Total prosjektkostnad er kr 67 mill. Prosjektet utløyser investeringstilskot frå husbanken.

Ny sjukeheim Straume

Kommunestyret har i KS-sak 093/25 vedtatt å byggja ny sjukeheim på tomt 35/171 i Skipsdalen. Sjukeheimen vert bygd med 80 plassar og med moglegheit for å utvida med ytterlegare 40 plassar seinare. Det er sett av midlar i økonomiplanen til bygging. Prosjektkostnaden er kr 774 mill. Prosjektet utløyser investeringstilskot frå husbanken.

Ny skule på vestsida

Det er sett av midlar til bygging av ny skule på vestsida i tråd med FS-sak 104/26. Prosjektkostnaden er kr 330 mill. Dei årlege driftskonsekvensane (finansutgifter) er berekna til omlag kr 19 mill per år når investeringa er gjennomført.

Investeringar som ikkje er inne i økonomiplanen

I Øygarden 2040 ligg det oppdatert kunnskapsgrunnlag om kommunen sitt samla investeringsbehov og tilhøyrande driftskonsekvensar. Behova er mykje større enn det kommunedirektøren har funne rom for dei neste 10 åra, og det har vore nødvendig med ein stram prioritering tilpassa løfteevna til kommunen.

Gjeldsutvikling

Øygarden kommune vil per 1.1.2027 ha ei lånegjeld på kr 3,068 mrd. Dette gjeld berre lån til investeringar, i tillegg kjem startlån. I økonomiplanperioden 2027-2030 vil vi ha ei slik utvikling i lånegjelda med dei investeringane som ligg inne i denne planen:

Beløp i tusen kr	B-2026	B-2027	B-2028	B-2029	B-2030
Saldo 1.1	2 903 468	3 068 468	3 312 968	3 549 968	3 543 968
Nye lån	274 000	360 000	358 000	123 000	341 000
Avdrag	109 000	115 500	121 000	129 000	133 000
Renter	152 500	174 500	180 000	162 000	171 000
Saldo 31.12	**3 068 468**	**3 312 968**	**3 549 968**	**3 543 968**	**3 751 968**

Lånegjelda varierer i økonomiplanen frå kr 3,1 mrd til kr 3,8 mrd. Renteutgiftene er rekna ut frå dagens forventningar til 3 månadar NIBOR dei neste åra. Vi budsjetterer etter dette med ei lånerente på 5,4 % i 2027, 4,9 % i 2028 og 4,4 % i 2029 og 2030. Det er risiko for renteendringar i 2027 som ikkje er tatt høgde for i budsjettet.

Startlån

Kommunen kan låna midlar i Husbanken for å gi startlån til innbyggjarar. Det kan bli gitt startlån til:

- kjøp av bustad
- bygging av bustad
- utbetring og tilpassing av bustad
- refinansiering som er nødvendig for å behalda bustaden

Ordninga er behovsprøvd. For å få startlån må søkjar ha langvarige problem med å finansiera bustaden, i tillegg til å ha evne til å betala avdrag og renter på startlån over tid. Bustaden skal vera egna, nøktern og dekka husstanden sine rimelege bustadbehov.

Den økonomiske situasjonen for vanskelegstilte gjer at vi kan forventa eit stort behov for startlån også i 2027. Særleg kravet til eigenkapital og det høge rentenivået gjer det utfordrande å koma i posisjon for å få lån i ordinær bank. Øygarden kommune har tidlegare budsjettert med låneopptak på kr 100 mill per år til vidareutlån av startlån. Kommunedirektøren gjer no framlegg om å auka dette til kr 130 mill kvart år i økonomiplanperioden.

Kommunen kan tilby tilskot i tillegg til startlån. I økonomiplanen er det budsjettert med kr 3,2 mill til etablerings- og utbetringstilskot over driftsbudsjettet.

Investeringstabell for kommunen samla

Kommunedirektør

Beløp i mill. kr

	Samla prosjektbeløp				Økonomiplan					Sum andre år					Sum i planperioden
Investeringsprosjekt	Saksref.	Tidlegare løyving	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	
Andre investeringer																
Investeringar, kyrkja		6,2	38,7	0,0	38,7	5,0	5,5	5,0	5,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	32,5
Rong administrasjonsbygg, ventilasjonsanlegg		0,0	4,0	0,0	4,0	0,0	4,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	4,0
Sum Andre investeringer		**6,2**	**42,7**	**0,0**	**42,7**	**5,0**	**9,5**	**5,0**	**5,0**	**2,0**	**2,0**	**2,0**	**2,0**	**2,0**	**2,0**	**36,5**
Sum		**6,2**	**42,7**	**0,0**	**42,7**	**5,0**	**9,5**	**5,0**	**5,0**	**2,0**	**2,0**	**2,0**	**2,0**	**2,0**	**2,0**	**36,5**

Finans og økonomi

Beløp i mill. kr

	Samla prosjektbeløp				Økonomiplan					Sum andre år					Sum i planperioden
Investeringsprosjekt	Saksref.	Tidlegare løyving	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	
Andre investeringer																
Datarom		0,0	5,0	0,0	5,0	5,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	5,0
IKT investeringar		40,4	70,4	0,0	70,4	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0	30,0
Klp eigenkapitaltilskot		45,9	61,2	-24,6	36,6	1,2	1,3	1,4	1,4	1,6	1,6	1,6	1,7	1,8	1,8	15,3
Sum Andre investeringer		**86,3**	**136,7**	**-24,6**	**112,0**	**9,2**	**4,3**	**4,3**	**4,4**	**4,5**	**4,6**	**4,7**	**4,7**	**4,8**	**4,8**	**50,4**
Sum		**86,3**	**136,7**	**-24,6**	**112,0**	**9,2**	**4,3**	**4,3**	**4,4**	**4,5**	**4,6**	**4,7**	**4,7**	**4,8**	**4,8**	**50,4**

Helse og velferd

Beløp i mill. kr

		Samla prosjektbeløp				Økonomiplan				Sum andre år						Sum i planperioden
Investeringsprosjekt	Saksref.	Tidlegare løyving	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	
Andre investeringer																
Avlastningsbustad	KS-sak 068/26	0,0	55,0	0,0	55,0	0,0	0,0	1,5	1,5	14,0	38,0	0,0	0,0	0,0	0,0	55,0
Heimetenesta, Keyless tilgang		1,5	4,9	0,0	4,9	1,7	1,7	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	3,4
Legionella-anlegg		0,0	1,0	0,0	1,0	0,5	0,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,0
Minibussar		0,0	0,9	0,0	0,9	0,9	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,9
MMNF - nytt bufellesskap	KS-sak 068/26	0,0	173,0	-27,0	146,0	0,0	1,5	1,5	70,0	100,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	173,0
Omsorgsbustader	KS-sak 099/25	0,0	270,0	-77,0	193,0	35,0	235,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	270,0
Omsorgsbustader for unge vaksne		30,6	67,0	-15,4	51,6	36,4	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	36,4
Omsorgsbustader psykisk helse/ rus	KS-sak 068/26	0,0	80,0	0,0	80,0	0,0	0,0	1,5	1,5	32,0	45,0	0,0	0,0	0,0	0,0	80,0
Omsorgsplassar, paviljong		0,0	145,0	-38,0	107,0	20,0	70,0	55,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	145,0
Sjukeheim Straume	KS-sak 093/25	5,0	774,0	-188,0	586,0	24,0	117,0	314,0	314,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	769,0
Storkjøkken, større kjøkkenmaskiner		1,7	4,5	0,0	4,5	0,7	0,7	0,7	0,7	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	2,8
Straume bu- og servicesenter, tak		0,0	15,0	0,0	15,0	0,0	15,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	15,0
Straume helsesenter, rehabilitering fasade		0,0	2,0	0,0	2,0	0,0	0,0	0,0	2,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	2,0
Straume terapisenter, varmepumpe		0,0	10,0	0,0	10,0	0,0	0,0	10,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	10,0
Sundheimen, sansehage		0,0	1,5	0,0	1,5	0,0	1,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,5
Sundheimen, ventilasjonsanlegg		0,0	5,0	0,0	5,0	0,0	5,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	5,0
Tednebakkane omsorgssenter, jordfeilautomat		0,0	2,5	0,0	2,5	0,0	0,0	0,0	2,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	2,5
Tednebakkane omsorgssenter, nye ventilasjonsanlegg		0,0	8,0	0,0	8,0	8,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	8,0
Tednebakkane, kjøkken		3,0	5,5	0,0	5,5	2,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	2,5
Øygarden lokalmedisinske senter, varmepumpe og styring		0,0	0,6	0,0	0,6	0,0	0,6	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,6
Sum Andre investeringer		**41,8**	**1 625,4**	**-345,4**	**1 280,0**	**129,7**	**448,4**	**384,2**	**392,2**	**146,0**	**83,0**	**0,0**	**0,0**	**0,0**	**0,0**	**1 583,6**
Sum		**41,8**	**1 625,4**	**-345,4**	**1 280,0**	**129,7**	**448,4**	**384,2**	**392,2**	**146,0**	**83,0**	**0,0**	**0,0**	**0,0**	**0,0**	**1 583,6**

Oppvekst

Beløp i mill. kr

		Samla prosjektbeløp				Økonomiplan				Sum andre år						Sum i planperioden
Investeringsprosjekt	Saksref.	Tidlegare løyving	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	
Andre investeringer																
Brattholmen skule, ventilasjonsanlegg		0,0	1,0	0,0	1,0	0,0	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,0

		Samla prosjektbeløp				Økonomiplan					Sum andre år					Sum i planperioden
Investeringsprosjekt	Saksref.	Tidlegare løyving	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	
Chromebooks		23,0	71,1	0,0	71,1	6,3	1,5	16,6	1,5	6,1	1,5	5,3	1,5	1,5	6,3	48,1
Gamle Toftøy skule, riving		0,0	4,0	0,0	4,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	4,0	0,0	0,0	0,0	0,0	4,0
Hjelteryggen skule - innvendig ombygging og funksjonell oppgradering		0,0	1,8	0,0	1,8	0,0	0,0	0,0	1,8	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,8
Hjelteryggen skule, ventilasjonsanlegg		0,0	5,0	0,0	5,0	0,0	5,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	5,0
Klokkarvik barnehage, uteområde		0,0	2,0	0,0	2,0	0,0	0,0	0,0	2,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	2,0
Knappskog skule, ventilasjonsanlegg		0,0	5,0	0,0	5,0	0,0	5,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	5,0
Kolltveit skule, tak/ fasade og ventilasjonsanlegg		0,0	17,0	0,0	17,0	0,0	0,0	0,0	17,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	17,0
Landro skule, oppgradering gamal del		0,0	7,0	0,0	7,0	0,0	0,0	0,0	7,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	7,0
Leikeplassar utanfor skular og barnehagar		0,5	10,5	0,0	10,5	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	10,0
Nye Fjell ungdomsskule		181,0	685,0	0,0	685,0	289,0	200,0	15,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	504,0
Ombygging og funksjonell oppgradering av skular og barnehagar		0,0	6,0	0,0	6,0	1,5	1,5	1,5	1,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	6,0
Ombygging og oppgradering for universell utforming		0,0	4,0	0,0	4,0	1,0	1,0	1,0	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	4,0
Skogsvåg barnehage, uteområde		0,2	3,2	0,0	3,2	3,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	3,0
Stranda barnehage, uteområde		0,0	1,0	0,0	1,0	0,0	0,0	0,0	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,0
Stranda skule, brannteknisk utstyr		0,0	0,5	0,0	0,5	0,0	0,0	0,0	0,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,5
Sund ungdomsskule, tak		0,0	1,5	0,0	1,5	0,0	0,0	0,0	1,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,5
Toftøy skule, ventilasjonsanlegg		0,0	4,0	0,0	4,0	0,0	0,0	0,0	4,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	4,0
Tranevågen ungdomsskule, ventilasjonsanlegg		0,0	8,0	0,0	8,0	0,0	0,0	0,0	8,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	8,0
Ulveset barnehage, riving		0,0	1,0	0,0	1,0	0,0	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,0
Vestsida skule	KS-sak 092/25	10,0	330,0	0,0	330,0	20,0	95,0	88,0	50,0	67,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	320,0
Øygarden ungdomsskule, ventilasjonsanlegg		0,0	8,0	0,0	8,0	0,0	0,0	8,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	8,0
Ågotnes skule, avfuktingsanlegg, basseng/ varmepumpe		0,0	17,0	0,0	17,0	0,0	0,0	17,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	17,0
Ågotnes skule, oppgradering av svømmebasseng		0,0	4,2	0,0	4,2	0,0	0,0	4,2	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	4,2
Sum Andre investeringer		**214,8**	**1 197,9**	**0,0**	**1 197,9**	**321,8**	**312,0**	**152,3**	**97,8**	**74,1**	**6,5**	**6,3**	**2,5**	**2,5**	**7,3**	**983,1**
Sum		**214,8**	**1 197,9**	**0,0**	**1 197,9**	**321,8**	**312,0**	**152,3**	**97,8**	**74,1**	**6,5**	**6,3**	**2,5**	**2,5**	**7,3**	**983,1**

Samfunnsutvikling

Beløp i mill. kr

		Samla prosjektbeløp				Økonomiplan						Sum andre år				Sum i planperiode n
Investeringsprosjekt	**Saksref.**	**Tidlegare løyving**	**Brutto prosjektutgift**	**Øyrem. fin.**	**Netto prosjektutgift**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2031**	**2032**	**2033**	**2034**	**2035**	**2036**	
Andre investeringer																
Adgangskontroll, kommunale bygg		3,0	9,0	0,0	9,0	1,5	1,5	1,5	1,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	6,0
Arealeffektivisering		5,0	11,5	0,0	11,5	6,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	6,5
Asfaltering		-	-	-	-	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	40,0
Avfallscontainere		2,0	10,0	0,0	10,0	2,0	2,0	2,0	2,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	8,0
Bilar		60,0	92,0	0,0	92,0	20,0	7,0	5,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	32,0
Bildøyhallen		0,0	25,0	0,0	25,0	0,0	0,0	0,0	25,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	25,0
Bildøyvegen/ Straumsundet bru (Miljøløftet)	PMU-sak 038/25	15,0	217,0	-217,0	0,0	28,0	95,0	79,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	202,0
Branntekniske oppgraderingar og prosjektering av kommunale bygg		0,0	4,0	0,0	4,0	1,0	1,0	1,0	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	4,0
Etablering av permanente radonsikringstiltak i kommunale bygg		0,0	1,7	0,0	1,7	0,7	0,5	0,2	0,2	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,7
Fallunderlag leikeplassar		5,0	7,0	0,0	7,0	0,5	0,5	0,5	0,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	2,0
Fjellsikring		1,9	11,9	0,0	11,9	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	10,0
Hellesøy bru		0,0	10,0	0,0	10,0	5,0	5,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	10,0
Interkommunal svømmehall		0,0	125,0	-25,0	100,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	37,0	88,0	0,0	125,0
Kartlegging og sanering av asbest		0,0	1,5	0,0	1,5	0,5	0,5	0,2	0,2	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,5
Kommunale funksjonar Stovevatnet	KS-sak 041/25	0,0	140,0	0,0	140,0	0,0	0,0	0,0	0,0	6,0	21,0	57,0	56,0	0,0	0,0	140,0
Kystmuseet, vindu		0,0	1,5	0,0	1,5	1,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,5
Led-lys, kommunale bygg		17,0	37,0	0,0	37,0	5,0	5,0	5,0	5,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	20,0
Miljøretta helsevern		0,0	2,0	0,0	2,0	0,5	0,5	0,5	0,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	2,0
Molo Rong		0,0	2,0	0,0	2,0	0,0	0,0	2,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	2,0
Mur Toftøy		0,0	0,4	0,0	0,4	0,4	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,4
Nesemyra kunstgrasbane		0,0	15,0	0,0	15,0	0,0	0,0	0,0	0,0	15,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	15,0
Oppgradering av golvoverflater		0,0	2,0	0,0	2,0	0,5	0,5	0,5	0,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	2,0
Overvasstiltak		0,0	18,0	0,0	18,0	0,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	18,0
Overvasstiltak Hjelteryggen		0,0	1,0	0,0	1,0	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,0
Overvasstiltak Instamyra/ Lonavegen		0,0	0,3	0,0	0,3	0,3	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,3
Overvasstiltak Nordre og Søre Knappen		0,0	0,1	0,0	0,1	0,1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,1
Overvasstiltak Tona		0,0	0,5	0,0	0,5	0,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,5
Reinhaldsrobot		3,1	6,5	0,0	6,5	1,1	1,1	1,1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	3,5
Rong kunstgrasbane		0,0	18,0	0,0	18,0	0,0	18,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	18,0
Sanering oljetanker		0,6	2,6	0,0	2,6	0,5	0,5	0,5	0,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	2,0
SD-anlegg		0,0	4,0	0,0	4,0	1,0	1,0	1,0	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	4,0
Skogsskiftet, administrasjonsbygg - tak		0,0	4,0	0,0	4,0	0,0	0,0	4,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	4,0
Sotra Arena, hall og garderobar		0,0	1,5	0,0	1,5	0,0	0,0	0,0	1,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,5
Spildepollen kunstgrasbane		0,0	15,0	0,0	15,0	0,0	0,0	0,0	0,0	15,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	15,0

	Samla prosjektbeløp				Økonomiplan					Sum andre år					Sum i planperioden
Investeringsprosjekt	Saksref.	Tidlegare løyving	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	
Sportsutstyr i idrettshallar		1,0	3,0	0,0	3,0	0,5	0,5	0,5	0,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	2,0
Toftøy kunstgrasbane		0,0	15,0	0,0	15,0	0,0	0,0	0,0	15,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	15,0
Trafikksikring		3,0	23,0	0,0	23,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	20,0
Utvendig solskjerming		0,0	4,0	0,0	4,0	1,0	1,0	1,0	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	4,0
Veglys, skifting til LED lys		16,6	36,6	0,0	36,6	5,0	5,0	5,0	5,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	20,0
Vegstolpar		0,0	20,0	0,0	20,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	20,0
Verdibevaring bygg		11,5	251,5	0,0	251,5	0,0	0,0	0,0	0,0	40,0	40,0	40,0	40,0	40,0	40,0	240,0
Viksøy molo		2,0	6,0	0,0	6,0	4,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	4,0
Ågotnes kunstgrasbane (11ar bane)		0,0	15,0	0,0	15,0	0,0	0,0	0,0	15,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	15,0
Ågotnes kunstgrasbane (7ar og 9ar bane)		0,0	24,0	0,0	24,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	24,0	0,0	0,0	24,0
Ågotneshallen		0,0	20,0	0,0	20,0	0,0	0,0	20,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	20,0
Sum Andre investeringer		**146,7**	**1 215,2**	**-242,0**	**973,2**	**97,7**	**157,2**	**141,7**	**87,0**	**87,0**	**72,0**	**108,0**	**168,0**	**139,0**	**51,0**	**1 108,5**
Sum		**146,7**	**1 215,2**	**-242,0**	**973,2**	**97,7**	**157,2**	**141,7**	**87,0**	**87,0**	**72,0**	**108,0**	**168,0**	**139,0**	**51,0**	**1 108,5**

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i mill. kr

	Økonomiplan									
	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
Investeringer i varige driftsmidler	557,2	924,6	681,2	580,0	310,1	164,5	117,3	173,5	144,5	61,3
Tilskudd til andres investeringer	5,0	5,5	5,0	5,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1,2	1,3	1,4	1,4	1,6	1,6	1,6	1,7	1,8	1,8
Sum finansieringsbehov	**563,4**	**931,4**	**687,6**	**586,4**	**313,6**	**168,1**	**121,0**	**177,2**	**148,2**	**65,1**
Kompensasjon for merverdiavgift	-113,3	-184,9	-136,2	-120,2	-62,0	-32,9	-23,5	-34,7	-28,9	-12,3
Tilskudd fra andre	-43,4	-187,0	-192,0	-124,0	-16,0	0	0	0	-25,0	0
Salg av varige driftsmidler	0	-150,0	0	0	0	0	0	0	0	0
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	-235,0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-385,5	-408,2	-123,0	-340,8	-234,2	-133,7	-95,9	-140,9	-92,7	-51,1
Videreutlån	130,0	130,0	130,0	130,0	130,0	130,0	130,0	130,0	130,0	130,0
Bruk av lån til videreutlån	-130,0	-130,0	-130,0	-130,0	-130,0	-130,0	-130,0	-130,0	-130,0	-130,0
Bruk av ubundet investeringsfond	-21,2	-1,3	-1,4	-1,4	-1,4	-1,5	-1,6	-1,6	-1,6	-1,7
Sum finansiering	**-563,4**	**-931,4**	**-687,6**	**-586,4**	**-313,6**	**-168,1**	**-121,0**	**-177,2**	**-148,2**	**-65,1**
Sum finansieringsbehov	**563,4**	**931,4**	**687,6**	**586,4**	**313,6**	**168,1**	**121,0**	**177,2**	**148,2**	**65,1**
Sum finansiering	**-563,4**	**-931,4**	**-687,6**	**-586,4**	**-313,6**	**-168,1**	**-121,0**	**-177,2**	**-148,2**	**-65,1**
Udekt finansiering	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Spesifisering av postar i oversikt investering og finansiering

Tilskot frå andre	Type tilskot	2027	2028	2029	2030
Bildøyvegen og Bildøy bru	Miljøløftet	-28 000	-95 000	-94 000	
Sjukeheim Straume	Investeringstilskot Husbanken		-	-75 000	-113 000
Omsorgsbustader for unge vaksne (Terna)	Investeringstilskot Husbanken	-14 100			
Omsorgsbustader (20 pl)	Investeringstilskot Husbanken		-15 000	-23 000	
MMNF (14 pl)	Investeringstilskot Husbanken				-11 000
Omsorgsbustader (i samarbeid med private)	Investeringstilskot Husbanken		-77 000		
Sum		**-42 100**	**-187 000**	**-192 000**	**-124 000**

For sal av eigedom og sal av aksjar vil det koma eigne saker til politisk behandling.

Sal av varige driftsmidlar	2027	2028	2029	2030
Sal av eigedom		-150 000		

Sal av varige driftsmidlar	2027	2028	2029	2030
Sal av aksjar			-235 000	

Bruk av ubundne investeringsfond	2027	2028	2029	2030
Eigenkapitaltilskot Klp, sjukepleiarar	-1 250	-1 300	-1 350	-1 400
Finansiering av bilar	-20 000			

Politisk



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	13 292	12 914	12 914	13 122	11 212	12 433	11 212
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 948	3 683	3 683	4 585	3 797	4 576	3 797
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	251	599	599	440	440	440	440
Overføringsutgifter	5 262	4 686	4 686	14 909	4 697	4 897	4 697
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**21 753**	**21 882**	**21 882**	**33 056**	**20 146**	**22 346**	**20 146**
Driftsinntekter							
Refusjoner	-496	-713	-713	-913	-713	-913	-713
Sum Driftsinntekter	**-496**	**-713**	**-713**	**-913**	**-713**	**-913**	**-713**
Sum	**21 257**	**21 169**	**21 169**	**32 143**	**19 433**	**21 433**	**19 433**

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Sentrale folkevalde	21 257	21 169	21 169	32 143	19 433	21 433	19 433
Sum	**21 257**	**21 169**	**21 169**	**32 143**	**19 433**	**21 433**	**19 433**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Opprinnelig budsjett	**21 169**	**21 169**	**21 169**	**21 169**
Sum Tekniske justeringer	**-132**	**-132**	**-132**	**-132**
Sum Vedtak forrige periode	**2 491**	**491**	**2 491**	**491**
Konsekvensjusteringer	**2 359**	**359**	**2 359**	**359**
Konsekvensjustert ramme	**23 528**	**21 528**	**23 528**	**21 528**

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Omstilling/ effektivisering				
KS-sak 101/26 Kommuneplanutvalet	-1 385	-1 440	-1 440	-1 440
KS-sak 125/25 Tal kommunestyrerepresentantar	0	-300	-300	-300
Varaordførar, 50 % stilling	0	-355	-355	-355
Sum Omstilling/ effektivisering	**-1 385**	**-2 095**	**-2 095**	**-2 095**
Nye tiltak				
Til formannskapets disposisjon	10 000	0	0	0
Sum Nye tiltak	**10 000**	**0**	**0**	**0**
Nye tiltak og realendringer	**8 615**	**-2 095**	**-2 095**	**-2 095**
Ramme 2027-2030	**32 143**	**19 433**	**21 433**	**19 433**

Kostra-analyse

	Øygarden 2024	Øygarden 2025	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B) *) **)	390	369	413	387	270	339	454

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

KOSTRA er ei forkorting for kommune-stat-rapportering. Alle kommunar og fylkeskommunar i Noreg rapporterer inn data om tenester og rekneskap til Statistisk sentralbyrå (SSB).

Kommunane er delte inn i grupper etter storleik og økonomiske rammevilkår. Det gjer det mogleg å samanlikna resultat, tenester og ressursbruk mellom kommunar med like føresetnader.

Kommunedirektør



Omtale av kommunalsjefområdet

Utgifter som ligg på dette ansvarsområdet gjeld kommunedirektør samt tilskot til kyrkja.

Hovudutfordringar

Øygarden kommune og Øygardssamfunnet står overfor store endringar og omstillingar som følgje av blant anna endra demografi. Med ein auke i den eldre delen av befolkninga, samtidig som det ikkje vert fleire yngre, vil det medføra eit vesentleg auka tenestebehov. Det betyr at kommunen framover ikkje vil klara å levera tenester på same nivå som vi gjer i dag, og vi treng å finna nye måtar å arbeida og samarbeida på.

Samfunns- og næringsutvikling heng tett saman, og er avhengig av kvarandre for å lukkast. Gjennom å tilby gode tenester som barnehage, skule og eldreomsorg, vert samfunnet vårt ein attraktiv plass å bu og leva i. Dette skapar også attraktivitet for næringsverksemda. Ein kommune med gode basistenester og føreseielege rammevilkår, er også ein god kommune å driva næring i. På same måte er samfunnsutviklinga og kommunale tenester avhengig av eit godt næringsliv. Det sikrar arbeid, aktivitet og inntekt til den enkelte, og bidreg også til fellesinntekter til samfunnet.

Dette skal vi oppnå

- Vi skal ta ei aktiv rolle i vidareutvikling av regionsenteret både gjennom rolla som samfunnsutviklar og eigedomsaktør.
- Vi skal omstilla organisasjonen for å handtera den demografiske utviklinga og kunne levera effektive tenester
- Vi skal satsa på leiing, digitalisering og bruk av kunstig intelligens

Ressursinnsats

Generelt vert alle tiltak vidareført frå 2026 om det ikkje er omtalt spesielt i budsjettet for 2027.

- Øygarden kyrkjelege fellesråd, kr 36 733 000 kvart år i økonomiplanperioden (deflatorjustert for 2027)

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	2 917	2 483	4 338	4 444	4 444	4 444	4 444
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	964	1 495	1 495	1 495	1 495	1 495	1 495
Overføringsutgifter	38 255	33 431	33 431	38 343	37 031	37 031	37 031
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**42 136**	**37 409**	**39 264**	**44 282**	**42 970**	**42 970**	**42 970**
Driftsinntekter							
Refusjoner	-138	-162	-162	-162	-162	-162	-162
Sum Driftsinntekter	**-138**	**-162**	**-162**	**-162**	**-162**	**-162**	**-162**
Sum	**41 998**	**37 247**	**39 102**	**44 120**	**42 808**	**42 808**	**42 808**

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Kommunedirektør	41 998	37 247	39 102	44 120	42 808	42 808	42 808
Sum	**41 998**	**37 247**	**39 102**	**44 120**	**42 808**	**42 808**	**42 808**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Opprinnelig budsjett	**37 247**	**37 247**	**37 247**	**37 247**
Sum Tekniske justeringer	**1 962**	**1 962**	**1 962**	**1 962**
Sum Vedtak forrige periode	**3 600**	**3 600**	**3 600**	**3 600**
Konsekvensjusteringer	**5 562**	**5 562**	**5 562**	**5 562**
Konsekvensjustert ramme	**42 808**	**42 808**	**42 808**	**42 808**
Nye tiltak				
KS-sak 049/26 Øygarden kyrkjelege fellesråd, deflatorjustering	1 312	0	0	0
Sum Nye tiltak	**1 312**	**0**	**0**	**0**
Nye tiltak og realendringer	**1 312**	**0**	**0**	**0**
Ramme 2027-2030	**44 120**	**42 808**	**42 808**	**42 808**

Kostra-analyse

	Øygarden 2024	Øygarden 2025	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Administrasjonslokaler korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	853	1 006	658	177	515	532	618
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **)	3 698	3 817	2 015	3 322	2 463	3 647	4 071

Netto driftsutgifter per innbygger (390) den norske kirke (B) *) **)	873	833	1 055	421	643	578	640
Netto driftsutgifter per innbygger (393) gravplasser og krematori er (B) *) **)	89	84	0	248	0	61	114

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

KOSTRA er ei forkorting for kommune-stat-rapportering. Alle kommunar og fylkeskommunar i Noreg rapporterer inn data om tenester og rekneskap til Statistisk sentralbyrå (SSB).

Kommunane er delte inn i grupper etter storleik og økonomiske rammevilkår. Det gjer det mogleg å samanlikna resultat, tenester og ressursbruk mellom kommunar med like føresetnader.

Måltabell

Hovudmål	Indikator	2024	Siste måling 2025	Langsiktig målsetting
Innbyggarane i Øygarden har god livskvalitet				

Finans og økonomi



Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Finans og økonomi har ansvar for finans, rekneskap, løn, budsjett og økonomiplan, verksemdsstyring, innkjøp og IKT og dokumentsenter

Einingar:

- IKT og dokumentsenter
- Rekneskap og løn
- Innkjøp

Hovudutfordringar

Finans- og økonomi har ansvar for fleire fellesfunksjonar for heile kommunen og spelar ei viktig rolle i å sikra god økonomistyring, styringsinformasjon og samhandling på tvers av organisasjonen. I økonomiplanperioden vil det vera særleg viktig å nytta ressursane effektivt og vidareutvikla verksemdstyringa slik at måla i samfunnsplanen, budsjettet og rapporteringa heng godt saman.

Strammare økonomi og nasjonale forventningar til klimaomstilling og berekraft gjer at vi må kopla økonomi, anskaffingar, samfunnsutvikling og miljøomsyn tettare saman når det gjeld prioriteringar og beslutningar.

Digitalisering og ny teknologi vil vera viktige verkemiddel for å effektivisera arbeidsprosessar og styrka tenestene. Kunstig intelligens kan bidra til dette, men utviklingstakta er avhengig av tilgjengelege IKT-ressursar. Auka digitalisering og den skjerpa tryggleikssituasjonen grunna krigen i Europa, krev også meir arbeid med digital tryggleik og vern av kritisk infrastruktur.

Ekstern analyse gjennomført i 2024 viser at Øygarden kommune ligg nær gjennomsnittet for samanliknbare kommunar når det gjeld administrative kostnadar og at bemanninga innan administrasjon ikkje er særleg høg. Utfordringa er likevel å optimalisera ressursbruken og heile tida fokusera på korleis vi kan forbetra og effektivisera arbeidsprosessane.

Dette skal vi oppnå

Samfunnsdelen til kommuneplanen er førande for arbeidet med å vidareutvikla berekraftige tenester og for utviklinga av kommunen som organisasjon. Finans- og økonomi skal styrkja verksemdsstyringa ved å sikra god samanheng mellom plan, budsjett, rapportering og måloppnåing.

Kommunalsjefsområdet skal leggja til rette for god økonomistyring, berekraftig ressursbruk og kunnskapsbaserte avgjerder. Vi skal utvikla og ta i bruk relevante styringsdata og vidareutvikla rutinar som sikrar god økonomiforvaltning og effektiv bruk av ressursar.

Finans- og økonomi skal også bidra til at kommunen tek i bruk digitalisering, teknologi og kunstig intelligens for å effektivisera arbeidsprosessar og styrkja tenestene. Samstundes skal vi leggja til rette for eit godt arbeidsmiljø og støtta organisasjonen i periodar med omstilling og endring.

Utvalde satsingar i økonomiplanperioden:

- Styrkja kunnskapsgrunnlaget for styring og prioriteringar gjennom betre bruk av data og analysar.
- Sikra stram og trygg økonomistyring
- Vidareutvikla arbeidet med heilskapleg verksemdsstyring.
- Vidareutvikla arbeidet med grøn og berekraftig finansiering.
- Vidareutvikla og konkretisera satsinga på digitalisering, teknologi og kunstig intelligens for å forbetra arbeidsprosessar og tenester.
- Fremja berekraftig ressursbruk gjennom auka gjenbruk og sirkulære løysingar.

For å følgja opp satsingane er det utforma oppdrag som kommunalsjefsområdet skal gjennomføra i økonomiplanperioden. Oppdraga skal støtta opp under god økonomistyring, digitalisering og verksemdsstyring, og bidra til betre samordning og meir målretta bruk av ressursane.

Ressursinnsats

Generelt vert alle tiltak vidareført frå 2026 om det ikkje er omtalt spesielt i budsjettet for 2027.

- Velferdsteknologi, eit årsverk
- Digitalisering og bruk av kunstig intelligens

Oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
Aktiv eigarstyring	**Finans og økonomi** • Følgja opp eigarskapsmeldinga som er revidert i 2026, gjennom aktiv eigarstyring.	Gjennom samarbeid skal vi legga til rette for vekst i eksisterande bedrifter og næringsklynger.	Øygarden er blant dei mest attraktive kommunane i Noreg, både for lokale, nasjonale og internasjonale etablerarar.
Auka gjenbruk av datautstyr	**Finans og økonomi** • I samarbeid med aktuelle fagområde, utvikla rutinar som aukar gjenbruk av datautstyr i organisasjonen. • Arbeidet skal bidra til redusert ressursbruk, lågare kostnader og mindre avfall.	Vi skal oppmoda innbyggarar og næringsliv til meir deling, gjenbruk og sirkulærøkonomi, og kommuneorganisasjonen skal vera føregangsdøme.	Øygarden er eit berekraftig lågutsleppsamfunn

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
Følgja opp og gjennomføra tiltak i anskaffingsstrategien for Øygarden kommune	**Finans og økonomi** • Gjennomføra tiltak som er beskrive i strategien. • Implementera og gi opplæring i nytt system for konkurransegjennomføring og kontraktsadministrasjon. • Revidera anskaffingsstrategi gjeldande for 2028-2031.	Vi skal aktivt nytta verktøy, som til dømes å stilla krav gjennom offentlege innkjøp, for å sikra inkluderande arbeidsliv, innovasjon og klima- og miljøvenlege løysingar.	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.
Gjennomgå låneporteføljen for å sikra at den har ei samansetjing som balanserer risiko og kostnader	**Finans og økonomi** • Gjennomgangen skal omfatta rentebinding, risiko, løpetid og finansieringskostnader, og leggja grunnlag for eventuelle justeringar.	Vi skal arbeida strukturert med økonomiplanlegging for å sikra eit berekraftig tenestetilbod.	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.
Konkretisera satsinga på digitalisering og kunstig intelligens	**Finans og økonomi** • Konkretisera satsinga på digitalisering og kunstig intelligens innanfor den avsette ramma på kr 2 mill. • Peika ut prioriterte tiltak, gevinstar og ansvar for gjennomføring, og leggja til rette for effektiv bruk av teknologi på tvers av organisasjonen.	Vi skal ta i bruk nye teknologiske, brukarvenlege og digitale løysingar.	Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon.
Vidareføra arbeidet med grøne lån	**Finans og økonomi** • Grøne lån frå Kommunalbanken gir lågare rente til investeringar til dømes innan bygg, fornybar energi, utsleppsfri transport, vatn og avlaup og klimatilpassing. • Ved låneopptak skal kommunen vurdera om prosjekt kan finansierast gjennom grøne lån, og om fleire prosjekt kan kvalifisera for den type finansiering. Slik kan organisasjonen arbeida i tråd med kommunen sine klima- og miljømål, og samstundes oppnå gunstige finansieringsvilkår.	Vi skal redusera eige klimaavtrykk gjennom aktiv miljøleiing.	Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
Vidareutvikla arbeidet med verksemdsstyring, med særleg fokus på tydelege oppdrag og bruk av verksemdsplanar	**Finans og økonomi** • Forbetra arbeidet med oppdrag ved å laga felles kriterium og rettleiande spørsmål som tydeleggjer prioriteringane. Vi skal ha særleg fokus på oppdrag som gjeld fleire kommunalsjefsområde. • Auka bruken av digitale verksemdsplanar ved å støtta leiarane i arbeidet. Dette skal gje betre styring og ein tydeleg samanheng mellom økonomiplan, budsjett og verksemdsplanar. • Forbetra arbeidet med måltal og indikatorar (KPI-ar), slik at vi kan følgja opp mål og resultat meir systematisk.	Heile kommuneorganisasjonen skal vera ein god rollemodell for korleis vi skal nå målsettingane våre.	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	45 674	48 766	49 983	52 260	52 760	46 960	45 960
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	52 396	61 603	61 603	68 827	68 827	68 827	68 827
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 834	2 494	2 494	2 551	2 551	2 551	2 551
Overføringsutgifter	12 315	12 199	12 199	12 199	12 199	12 199	12 199
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**112 220**	**125 061**	**126 279**	**135 836**	**136 336**	**130 536**	**129 536**
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-681	-500	-500	-500	-500	-500	-500
Refusjoner	-13 919	-13 161	-13 161	-13 161	-13 161	-13 161	-13 161
Sum Driftsinntekter	**-14 600**	**-13 661**	**-13 661**	**-13 661**	**-13 661**	**-13 661**	**-13 661**
Sum	**97 620**	**111 400**	**112 618**	**122 175**	**122 675**	**116 875**	**115 875**

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Kommunalsjef finans og økonomi	6 245	5 220	5 205	5 512	5 512	-288	-1 288
Rekneskap og løn	13 513	14 101	14 261	14 329	14 329	14 329	14 329
Innkjøp	3 016	3 973	3 988	4 123	4 123	4 123	4 123
IKT og Dokumentsenter	74 846	88 106	89 164	98 213	98 713	98 713	98 713

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Sum	97 620	111 400	112 618	122 175	122 675	116 875	115 875

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2027	2028	2029	2030
Opprinnelig budsjett	**111 400**	**111 400**	**111 400**	**111 400**
Sum Tekniske justeringer	**2 994**	**2 994**	**2 994**	**2 994**
Sum Vedtak forrige periode	**7 281**	**7 281**	**7 281**	**7 281**
Konsekvensjusteringer	**10 275**	**10 275**	**10 275**	**10 275**
Konsekvensjustert ramme	**121 675**	**121 675**	**121 675**	**121 675**
Omstilling/ effektivisering				
Effektivisering administrasjon	0	0	-5 800	-6 800
Sum Omstilling/ effektivisering	**0**	**0**	**-5 800**	**-6 800**
Nye tiltak				
Velferdsteknologi, eit årsverk	500	1 000	1 000	1 000
Sum Nye tiltak	**500**	**1 000**	**1 000**	**1 000**
Nye tiltak og realendringer	**500**	**1 000**	**-4 800**	**-5 800**
Ramme 2027-2030	**122 175**	**122 675**	**116 875**	**115 875**

Kostra-analyse

	Øygarden 2024	Øygarden 2025	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Administrasjonslokaler korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	853	1 006	658	177	515	532	618
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **)	3 698	3 817	2 015	3 322	2 463	3 647	4 071

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

KOSTRA er ei forkorting for kommune-stat-rapportering. Alle kommunar og fylkeskommunar i Noreg rapporterer inn data om tenester og rekneskap til Statistisk sentralbyrå (SSB).

Kommunane er delte inn i grupper etter storleik og økonomiske rammevilkår. Det gjer det mogleg å samanlikna resultat, tenester og ressursbruk mellom kommunar med like føresetnader.

Måltabell

Hovudmål	Indikator	2024	Siste måling 2025	Langsiktig målsetting
Øygarden er eit klima- og miljøvennleg samfunn				
Øygarden er eit kompetent, produktivt og innovativt samfunn				
Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ	Økonomistyring: Avvik i forhold til budsjett	0,0 %	0,0 %	1,0 %
	Andel elektronisk handtering av faktura	95,0 %	96,0 %	97,0 %
	Restansar i saksbehandlingssystemet WebSak	0	12 000	9 500
	Svartid TilsettService	0,0 %	0,0 %	90,0 %

Organisasjon og beredskap



Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefsområdet Organisasjon og beredskap har ansvar for å levera tenester innan:
HR, organisasjonsutvikling og kompetanse med politisk sekretariat, brann og redning, HMS, internkontroll, kvalitetssystem, samfunnsikkerheit og beredskap, informasjon/ kommunikasjon, kommuneadvokat samt nokre service- og forvaltningsoppgåver knytt til innbyggjarar.
Hovudtillitsvalde og hovudverneombod har også sine arbeidstilhøve organisert i kommunalsjefsområdet.

Einingar:

- Brann og redning
- HR, forvaltning og kvalitet

Hovudutfordringar

Øygarden kommune står overfor utfordringar med å rekruttera og halda på kvalifisert arbeidskraft, særleg innan helse og omsorg, barnehage, skule og ein del andre fag. Omstilling kan også gje behov for ny og endra kompetanse.

For å møta utviklinga må kommunen nytta kompetansen og ressursane meir målretta, vidareutvikla arbeidsmåtar og ta i bruk digitale løysingar der dette gir gevinstar for tenestene.

Høgt sjukefråvær er framleis ei utfordring innan fleire område og påverkar både tenestekvalitet og ressursbruk. Arbeidet med nærvær, arbeidsmiljø og systematisk oppfølging av medarbeidarar må derfor halda fram som ein del av drift i alle einingar med HR-fagleg støtte.

Auka digitalisering og eit meir krevjande trusselbilete stiller høgare krav til beredskap, digital tryggleik og informasjonstryggleik. Samstundes er behovet for kommunikasjon stort, både internt i kommunen og overfor innbyggjarane, i møte med omfattande omstillingar i dei offentlege velferdstenestene. Samla krev desse tema systematisk arbeid på tvers av kommunen og kontinuerleg utvikling av kompetansen til leiarar og medarbeidarar.

Dette skal vi oppnå

Samfunnsdelen til kommuneplanen er førande for arbeidet med å vidareutvikla berekraftige tenester og ein framtidsretta organisasjon. Organisasjon og beredskap skal følgja opp måla for kommunen som arbeidsgjevar gjennom målretta utvikling av leiarskap, kompetanse, arbeidsmiljø, beredskap og digitalisering.

Utvalde satsingar i økonomiplanperioden:

- Vera ein omstillingsdyktig og attraktiv arbeidsgjevar
- Styrka intern og ekstern kommunikasjon
- Utvikla kompetanse og bemanningsplanlegging
- Redusera sjukefråvær og fremja gode arbeidsmiljø
- Styrka kvalitet, internkontroll og beredskap

For å følgja opp satsingane er det utforma oppdrag som kommunalsjefsområdet skal gjennomføra i økonomiplanperioden. Oppdraga skal bidra til betre samordning, tydelegare prioriteringar, meir effektiv bruk av ressursane, og slik støtta opp under Organisasjon og beredskap sitt overordna ansvar for kommunen som organisasjon og som arbeidsgjevar.

Ressursinnsats

Generelt vert alle tiltak vidareført frå 2026 om det ikkje er omtalt spesielt i budsjettet for 2027.

- Beredskapslager

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
Forenkla arbeidsprosessar med teknologiske løysingar	**Organisasjon og beredskap** • Implementera og vidareutvikla kompetansemodul.	Vi skal ta i bruk nye teknologiske, brukarvenlege og digitale løysingar.	Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.
Robust og myndiggjort leiarskap	**Organisasjon og beredskap** • Fullføra leiaropplæringa Digital transformasjon for alle leiarar med personalansvar. • Gjennomføra det andre og siste året av satsinga Effektive leiargrupper, med støtte frå ekstern samarbeidspart.	Vi skal prioritera å utvikla godt leiarskap og medarbeidarskap som fremjar samarbeid og samskaping.	Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.
Styrka fokuset og kompetansen på beredskap i organisasjonen	**Organisasjon og beredskap** • Følgja opp handlingsplanane etter Kommune- ROS, operativ plan og forvaltningsrevisjon.	Vi skal arbeida kontinuerleg og kunnskapsbasert med samfunnstryggleik og beredskap for	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	• Styrka beredskapskompetansen hos leiarar gjennom grunnopplæring og kurs i beredskapsleiing. • Halda beredskapslageret oppdatert med jamleg kontroll, rullering og utskifting av varer.	å redusera risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.	
Systematisk arbeid med å redusera sjukefråvær	**Organisasjon og beredskap** • Gje tilsette tilgang til dokumenterte tiltak som fremjar arbeidsdeltaking, mellom anna Safe Choice. • Gje støtte til og styrka kompetansen til leiarar i oppfølging av sjukefråvær. • Etablera systematisk oppfølging og rapportering av sjukefråvær frå konsernnivå til einingane. • Styrka kompetansen og gjennomføra tiltak som hjelper leiarar og nøkkelpersonar med å skapa og halda ved lag gode arbeidsmiljø.	Vi skal ta ansvar for å skapa eit godt arbeidsmiljø og utvikla ein kultur prega av openheit, integritet, likeverd og respekt.	-

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	116 643	118 324	115 517	117 709	117 259	116 259	115 259
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	12 094	15 969	15 969	13 724	15 074	15 074	15 074
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	283 327	304 109	309 209	324 910	324 910	324 910	324 910
Overføringsutgifter	9 363	6 636	6 636	4 033	4 033	4 033	4 033
Finansutgifter	11	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**421 439**	**445 038**	**447 331**	**460 376**	**461 276**	**460 276**	**459 276**
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-12 499	-11 878	-11 878	-10 628	-10 628	-10 628	-10 628
Refusjoner	-22 959	-19 082	-18 285	-18 945	-18 945	-18 945	-18 945
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 706	-1 034	-1 034	-497	-497	-497	-497
Sum Driftsinntekter	**-37 164**	**-31 994**	**-31 197**	**-30 070**	**-30 070**	**-30 070**	**-30 070**
Sum	**384 275**	**413 044**	**416 134**	**430 306**	**431 206**	**430 206**	**429 206**

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Kommunalsjef organisasjon og beredskap	19 960	22 542	22 542	22 961	24 311	23 311	22 311
HR, Forvaltning og kvalitet	331 546	350 005	352 813	365 516	365 066	365 066	365 066
Øygarden brann og redning	32 769	40 498	40 780	41 830	41 830	41 830	41 830
Sum	**384 275**	**413 044**	**416 134**	**430 306**	**431 206**	**430 206**	**429 206**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Opprinnelig budsjett	**413 044**	**413 044**	**413 044**	**413 044**
Sum Tekniske justeringer	**2 457**	**2 457**	**2 457**	**2 457**
Sum Vedtak forrige periode	**16 920**	**16 920**	**16 920**	**16 920**
Konsekvensjusteringer	**19 377**	**19 377**	**19 377**	**19 377**
Konsekvensjustert ramme	**432 421**	**432 421**	**432 421**	**432 421**
Omstilling/ effektivisering				
Effektivisering administrasjon	-450	-900	-1 900	-2 900
Kantina vert lagt ned ved utflytting frå rådhuset	-315	-315	-315	-315
Lærlingar, meir optimalt lærlingsløp	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Sum Omstilling/ effektivisering	**-2 265**	**-2 715**	**-3 715**	**-4 715**
Nye tiltak				
Beredskapslager	150	1 500	1 500	1 500
Sum Nye tiltak	**150**	**1 500**	**1 500**	**1 500**
Nye tiltak og realendringer	**-2 115**	**-1 215**	**-2 215**	**-3 215**
Ramme 2027-2030	**430 306**	**431 206**	**430 206**	**429 206**

Kostra-analyse

	Øygarden 2024	Øygarden 2025	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Administrasjonslokaler korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	853	1 006	658	177	515	532	618
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **)	3 698	3 817	2 015	3 322	2 463	3 647	4 071

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

KOSTRA er ei forkorting for kommune-stat-rapportering. Alle kommunar og fylkeskommunar i Noreg rapporterer inn data om tenester og rekneskap til Statistisk sentralbyrå (SSB).

Kommunane er delte inn i grupper etter storleik og økonomiske rammevilkår. Det gjer det mogleg å samanlikna resultat, tenester og ressursbruk mellom kommunar med like føresetnader.

Måltabell

Hovudmål	Indikator	2024	Siste måling 2025	Langsiktig målsetting
Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ	Beredskapsøvingar som involverer KKL og ei eller fleire einingar	1	1	1
	Registrerte avvik i kvalitetssystemet	10,7 %	10,0 %	10,0 %

Hovudmål	Indikator	2024	Siste måling 2025	Langsiktig målsetting
	for organisasjonen som heilskap			
	Begge kjønn Sykefraværsprosent, prosentpoeng endring fra året før	-0,1	-0,2	-1,0
	Rekruttering lærlingar	31	37	25

Helse og velferd



Straume bu- og servicesenter

Omtale av kommunalsjefområdet

Helse og velferd er eit kommunalsjefsområde som har ansvar for mange tenester retta mot heile befolkninga. Utover dei lovpålagde tenestene vert det arbeidd med mange ulike prosjekt for å møta framtidas behov på ein innovativ måte, i samskaping med innbyggjarar, frivillige og private aktørar.

Tenesteområde:

- Stabstenester
- Heimetenester
- Omsorgsbustader med og utan heildøgns bemanning
- Sjukeheimar og lokalmedisinsk senter
- NAV
- Helse, meistring og rehabilitering
- Psykisk helse og rus
- Menneske med nedsett funksjonsevne
- Forvaltning og støttetenester
- Legetenester og legevakt

Utfordringar

Kommunen står framfor eit stort behov for omstilling, effektivisering og digitalisering innan helse og velferd. Talet på eldre vil auka kraftig fram mot 2040, medan talet på personar i yrkesaktiv alder vil gå ned. Demografiske endringar og ny oppgåvedeling mellom forvaltningsnivå gjer at dagens måte å levera helse- og velferdstenester på ikkje er berekraftig. Strammare økonomiske rammer og vanskar med tilgang på helsepersonell forsterkar utfordringane.

Behovsanalysane i Øygarden 2040 viser at kommunen må styrkja kapasiteten i heildøgns omsorgstenester. For å møta framtidige behov må kommunen byggja opp omsorgskapasitet, både når det gjeld investeringar og bemanning. Samstundes må kommunen styrkja heimetenestene og ta i bruk meir velferdsteknologi, slik at fleire kan bu trygt heime lengst mogleg.

Det er eit aukande gap mellom kva innbyggjarane forventar av helsetenester og kva kommunen kan levera. Kortare liggjetid i sjukehus og tidlegare utskriving aukar behovet for kommunale helse- og omsorgstenester og stiller større krav til kompetanse.

Behovet for avlasting og tenester til barn og unge med nedsett funksjonsevne aukar. Barn med samansette utfordringar krev høg kapasitet, god kompetanse og tett samarbeid mellom tenestene. Det er også behov for fleire tenlege bustader til menneske med nedsett funksjonsevne.

Utfordringane innan psykisk helse og rus er framleis store. Det er behov for fleire eigna og robuste bustader og meir oppfølging til personar med samansette behov.

Kommunen har framleis utfordringar knytt til utanforskap, fattigdom og låg deltaking i arbeidslivet. Høge bu- og levekostnader legg press på sårbare hushald og kommunale tenester.

Dette skal vi oppnå

Samfunnsdelen til kommuneplanen, temaplan for bustadsosialt arbeid og temaplan for framtida sine helse- og velferdstenester legg føringar for utviklinga av berekraftige tenester. PwC-rapporten om Helse og velferd er framleis eit viktig grunnlag for omstillinga. Nasjonale reformer og planar, mellom anna «Bu trygt heime», Den nye velferdskommunen, Helsepersonellplan 2040, opptrappingsplanen for psykisk helse og FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) av 2026, gir retning for arbeidet. Det heilskaplege programmet for utvikling og omstilling i kommunen, Øygarden pluss, sine vedtak og prosjekter er førande for prioritering og gjennomføring av omstillingstiltaka i Helse og velferd.

Utvalde satsingar i økonomiplanperioden:

- Vidareutvikla velferdsteknologi og digitale løysingar som styrkjer meistring og gir meir effektiv bruk av personellressursane.
- Sentral bemanningsplanleggjar skal bidra til betre planlegging av personalressursar og bidra til betre nytte av personell innan og mellom einingar. Mål om heiltidskultur vil også stå sentralt.
- Vurdera framtidig leiarstruktur og organisering i Helse og velferd for å styrkja leiing, samhandling og omstilling
- Auka kapasiteten innan heildøgns omsorgstenester, mellom anna gjennom arbeid med 40 nye omsorgsbustader planlagd ferdig i 2029, førebuing av teneste-, drifts- og bemanningsmodellar for ny sjukeheim på Straume med planlagd oppstart i 2030, og fleire plassar med heildøgns bemanning ved Hidlamyra.
- Leggja til rette for at fleire kan bu trygt heime lenger gjennom førebygging, meistring, heimetenester, velferdsteknologi og utvikling av Omsorg Pluss
- Styrkja det heilskaplege bustadsosiale arbeidet gjennom bustadkontoret, Housing First og fleire robuste bustader.
- Utvikla tenestemodellar og nye former for samarbeid og samskaping med frivillige, private og akademia, i tråd med nasjonale føringar om at framtidas velferdstenester må utviklast i samspel mellom kommunen, innbyggjarane og andre samfunnsaktørar. Digitalt verktøy må nyttast som reiskap for å mobilisera ressursar og leggja til rette for samarbeid og oppgåvedeling.
- Rekruttera og halda på kvalifiserte medarbeidarar gjennom nye bemannings- og turnusløysingar, betre oppgåvedeling og målretta kompetansebruk. Tilrådingane frå TURBO-prosjektet om framtidig organisering av turnus- og bemanningsplanleggjing må implementerast. TØRN skal vidareførast, og ny oppgåvedeling skal gjennomførast mellom anna gjennom bruk av servicemedarbeidarar og etablering av sjukepleiarteam.

- Redusera utanforskap og fattigdom ved å leggja til rette for arbeid, aktivitet og inkludering, mellom anna ved å gi unge høve til å få arbeidserfaring gjennom sommarjobb i omsorgstenesta.
- Sikra berekraftige tenester til barn og unge med nedsett funksjonsevne gjennom eigna bustader, avlasting og framtidsretta tenestemodellar samt førebu drift av åtte nye samlokaliserte bustader på Rong i 2027.

For å følgja opp satsingane er det utforma oppdrag som einingane i kommunalsjefsområdet skal iverksetta i økonomiplanperioden. Oppdraga skal samla støtta opp under Helse og velferd sitt overordna ansvar for å sikra berekraftige helse- og velferdstenester, bidra til betre samordning mellom einingane og meir målretta ressursbruk.

Ressursinnsats

Generelt vert alle tiltak vidareført frå 2026 om det ikkje er omtalt spesielt i budsjettet for 2027.

- Bemanningsplanleggjar
- Digitalt turnusprogram
- Auka drift avlastningsbustad
- Auka drift menneske med nedsett funksjonsevne
- Servicemedarbeidarar
- Særavtale medlevar

Oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
Auka bruk av velferdsteknologi.	**Helse og velferd** • Ta i bruk prioriterte velferdsteknologiske løysingar som har dokumentert effekt. Auka bruken av eksisterande velferdsteknologi og testa ut nye løysingar som kan styrkja tenestene. • I 2027 skal vi prøva ut digital heimesjukepleie og digital oppfølgingsteneste.	Vi skal utvikla og ta i bruk innovative tenester og velferdsteknologi, ut i frå behov.	Øygarden er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn.
Framtidig organisering av Helse og velferd	**Helse og velferd** • Vurdera leiarstruktur og oppgåvedeling mellom einingar og stab. Målet er å frigjera leiarkapasitet til leiing, samhandling, omstilling og utvikling i kommunalsjefsområdet. • Bruka kunnskapen frå prosjektet "Tørn" i omstillingsprogrammet Øygarden pluss i det vidare arbeidet, der behov for digitale løysingar og meir sentralisering vert framheva.	Vi skal prioritera å utvikla godt leiarskap og medarbeidarskap som fremjar samarbeid og samskaping.	Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
Førebu framtidig omsorgskapasitet	**Helse og velferd** • Etablera nye drifts- og bemanningsmodellar som styrkjer heiltidskulturen og sikrar tilgang på nødvendig helsepersonell. • Arbeidet med å utvikla drifts- og bemanningsmodellar for ny sjukeheim på Straume og nye omsorgsbustader med heildøgnstenester, skal prioriterast.	Vi skal prioritera å utvikla godt leiarskap og medarbeidarskap som fremjar samarbeid og samskaping.	Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.
Oppfølging av gjennomføringsplan for framtidas helse og velferdstenester	**Helse og velferd** • Planen frå 2021 legg føringar for korleis kommunen skal møta framtidige behov innan helse- og omsorgstenestene. • I økonomiplanperioden skal vi realisera prioriterte tiltak i planen, for å sikra og tilpassa helse- og omsorgstenestene til venta demografiske endringar.	Vi skal sikra tilgang til trygge og inkluderande lokalmiljø med funksjonar som dekker daglege behov.	Øygarden er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn.
Optimal oppgåvedeling og organisering	**Helse og velferd** • Vi skal halda fram arbeidet i KS-nettverket TØRN for å utvikla ei meir effektiv oppgåvedeling og organisering i institusjonane. Eit viktig element er å nytta rett kompetanse til rett tid og på rett oppgåve. • I 2027 skal heimetenestene og tenestene til menneske med nedsett funksjonsevne (MMNF) ta i bruk TØRN-metodikken.	Vi skal prioritera å utvikla godt leiarskap og medarbeidarskap som fremjar samarbeid og samskaping.	Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.
Prøve ut og evaluere kommunalt innsatsteam i heimetenesta	**Helse og velferd** • Det kommunale innsatsteamet skal bidra til trygg utskriving frå sjukehus og tidlegare heimreise frå korttidsopphald, gjennom tett og forsterka oppfølging i heimen. • Tiltaket skal også styrkja behandling i heimen og redusera behovet for innlegging i sjukehus og institusjon.	Vi skal arbeida systematisk for å betra folkehelsa og utjamna levekårsforskjellar.	Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse.
Systematisk arbeid for å redusera utanforskap og førebyggja fattigdom	**Helse og velferd** • Vi skal redusera utanforskap og styrkja levekåra for ungdom og	Vi skal samarbeida med lokalt næringsliv for å mobilisera til meir	Øygarden er nasjonal føregangskommune for inkluderande

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	utsette familiar, gjennom målretta tiltak som kvalifiseringsprogrammet, Familien+ og individuell jobbstøtte (IPS). Føremålet er at fleire skal fullføra utdanning, koma i arbeid og delta aktivt i samfunnet. • Vidareutvikla «Vår nye ressurs» i samarbeid med NAV for å få ungdom og andre som står utan arbeid, kvalifisert til jobb innan helse- og velferd. I den samanheng skal kommunen søkja aktuelle tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet i 2027.	inkluderande arbeidsliv og høgare yrkesdeltaking.	arbeids- og næringsliv.
Vidareutvikla det bustadsosiale arbeidet	**Helse og velferd** • Bustadkontoret skal styrkja det bustadsosiale arbeidet gjennom målretta bruk av verkemiddel frå Husbanken, bustadrådgiving, bustadtilpassing og Housing First. • Vi skal etablera robustbustader for å sikra eigna bustadtilbod til utsette grupper.	Vi skal sikra at innbyggarar med behov for kommunal utleigebustad skal få bu i bustad med god standard, nærleik til teneste-, service- og kollektivtilbod, og med tilpassa hjelp til å ivareta eige bu-forhold.	Alle innbyggarane i Øygarden har tilgang på trygge og tilgjengelege bustadar.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	1 099 783	1 055 382	1 108 256	1 136 326	1 143 776	1 143 326	1 178 326
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	71 923	51 851	58 139	58 364	58 864	58 864	58 864
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	140 205	151 255	154 629	162 953	167 453	167 453	167 453
Overføringsutgifter	85 523	84 371	83 413	81 916	81 916	81 916	81 916
Finansutgifter	4 059	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	**1 401 493**	**1 342 859**	**1 404 436**	**1 439 559**	**1 452 009**	**1 451 559**	**1 486 559**
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-61 530	-55 617	-61 852	-64 374	-64 374	-64 374	-64 374
Refusjoner	-193 039	-131 255	-159 610	-133 436	-136 636	-136 636	-136 636
Overføringsinntekter	-281	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-4 628	0	-2 227	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	**-259 478**	**-186 872**	**-223 689**	**-197 810**	**-201 010**	**-201 010**	**-201 010**
Sum	**1 142 015**	**1 155 987**	**1 180 747**	**1 241 749**	**1 250 999**	**1 250 549**	**1 285 549**

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Kommunalsjef helse og velferd	15 335	12 280	13 813	18 165	19 165	19 165	54 165
Forvaltning og støttetenester	92 952	94 722	96 296	102 788	102 788	102 788	102 788
Heimetenesta	161 360	153 574	165 860	173 991	173 991	173 991	173 991
Teneste til menneske med nedsett funksjonsevne	146 397	155 650	159 437	163 599	164 049	163 599	163 599
Psykisk helse og Rus	74 661	84 688	85 885	95 887	97 187	97 187	97 187
Midlertidig flyktningeteneste (ut 2023)	4 377	3 740	3 188	0	0	0	0
NAV	115 472	112 375	110 132	112 011	112 011	112 011	112 011
Fjell sjukeheim	72 946	66 211	69 985	72 636	72 636	72 636	72 636
Tednebakkane omsorgssenter	69 587	63 127	64 433	67 996	67 996	67 996	67 996
Sundheimen	56 909	55 753	56 687	56 888	63 388	63 388	63 388
Kvednatunet	53 354	58 214	59 096	60 914	60 914	60 914	60 914
Straume bu- og servicesenter	49 309	48 284	49 183	53 483	53 483	53 483	53 483
Lokalmedisinsk senter	71 474	67 678	67 976	71 312	71 312	71 312	71 312
Legetenesta	74 752	89 010	89 786	91 248	91 248	91 248	91 248
Helse- meistring og rehabilitering	34 123	38 260	35 781	42 061	42 061	42 061	42 061
Sotra legevakt	49 006	52 419	53 207	58 770	58 770	58 770	58 770
Sum	**1 142 015**	**1 155 987**	**1 180 747**	**1 241 749**	**1 250 999**	**1 250 549**	**1 285 549**

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Opprinnelig budsjett	**1 155 987**	**1 155 987**	**1 155 987**	**1 155 987**
Sum Tekniske justeringer	**62 911**	**62 911**	**62 911**	**62 911**
Sum Vedtak forrige periode	**11 191**	**12 491**	**12 491**	**12 491**
Konsekvensjusteringer	**74 102**	**75 402**	**75 402**	**75 402**
Konsekvensjustert ramme	**1 230 089**	**1 231 389**	**1 231 389**	**1 231 389**
Omstilling/ effektivisering				
Arbeidskøyring VTA-plassar	-500	-500	-500	-500
Redusere kjøpte tenester	-400	-400	-400	-400
Økonomisk sosialhjelp	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Sum Omstilling/ effektivisering	**-2 900**	**-2 900**	**-2 900**	**-2 900**
Nye tiltak				
Bemanningsplanleggjar – eit årsverk	500	1 000	1 000	1 000
Digitalt turnusprogram	500	1 000	1 000	1 000
Drift nye heildøgns omsorgsplassar	0	0	0	35 000
Grønebakkane - 1,2 årsverk	825	1 275	825	825
Medlevar – ny særavtale	1 013	1 013	1 013	1 013
Opptrapping heildøgns omsorgsplassar, Hidlamyra	0	6 500	6 500	6 500
Servicemedarbeidarar	8 760	8 760	8 760	8 760
Straumehagen - eit årsverk	750	750	750	750
Straumsfjellet avlastning - 0,8 årsverk	630	630	630	630
Tryggleiksalarm - ingen brukarbetaling	1 582	1 582	1 582	1 582
Sum Nye tiltak	**14 560**	**22 510**	**22 060**	**57 060**
Nye tiltak og realendringer	**11 660**	**19 610**	**19 160**	**54 160**
Ramme 2027-2030	**1 241 749**	**1 250 999**	**1 250 549**	**1 285 549**

Kostra-analyse

	Øygarden 2024	Øygarden 2025	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Ergoterapeut Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	0,8	0,7	0,7	0,5	0,8	0,8	1,3
Netto driftsutgifter per innbygger (275) introduksjonsordningen (B) *) **)	721	717	948	660	554	833	876
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) *) **)	4 933	5 252	4 382	4 659	4 204	4 256	4 683
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B) *) **)	327	105	439	1 735	0	386	711
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over (B) *)	524 350	494 940	572 523	498 048	506 918	466 628	484 073
Produktivitet							
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	66 138	61 917	64 221	66 735	44 035	71 506	71 117
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B) *)	2 242 145	2 381 849	1 917 843	2 058 119	1 813 699	1 878 390	1 735 919
Dekningsgrad							
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon (B)	8,0 %	7,6 %	9,3 %	8,0 %	5,8 %	8,5 %	8,8 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	31,3 %	31,6 %	33,2 %	32,2 %	30,1 %	33,6 %	34,0 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) **)	5,9 %	5,4 %	5,2 %	4,6 %	4,0 %	5,3 %	5,3 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	6,9	7,2	7,6	6,1	6,6	7,0	7,0
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	6,0	5,9	9,4	6,7	6,6	7,8	7,8
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	11,3	11,8	9,9	9,4	12,3	10,0	10,9
Økonomi							
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Pleie og omsorg	23 057	24 125	37 642	22 819	29 195	29 760	30 501
Grunnlagsdata (Nivå 3)							
Netto driftsutgifter til tilbud til av personer med rusproblemer *)							

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

KOSTRA er ei forkorting for kommune-stat-rapportering. Alle kommunar og fylkeskommunar i Noreg rapporterer inn data om tenester og rekneskap til Statistisk sentralbyrå (SSB).

Kommunane er delte inn i grupper etter storleik og økonomiske rammevilkår. Det gjer det mogleg å samanlikna resultat, tenester og ressursbruk mellom kommunar med like føresetnader.

Måltabell

Hovudmål	Indikator	2024	Siste måling 2025	Langsiktig målsetting
Innbyggarane i Øygarden har god livskvalitet				
	Effektivisering medisinpakking	0,0 %	40,0 %	65,0 %
	Effektivisering medisinutdeling i heimetenesta	0,0 %	15,0 %	20,0 %
Øygarden er ein god stad å bu	Startlån – andel innvilga søknadar	0,0 %	60,0 %	60,0 %
Øygarden er eit kompetent, produktivt og innovativt samfunn				
	Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	31,3 %	31,6 %	35,0 %
	Uføretrygdede, kjønn samlet, 18-66 år, varig uførepensjon, andel (prosent)	0,0 %	0,0 %	9,5 %
Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ				

Aktivitetsnøkkeltal

Indikatornamn	Resultat 2024	Resultat 2025	Anslag 2026	Planlagt 2027
Antall langtidsmottakarar i alderen 18-24 år over 26 veker (5 mnd) med sosialhjelp	27	17	23	15
Antall som har vore innvilga mellombels bustad	14	12	15	10
Arbeidsløyse	1,9 %	2,1 %	1,8 %	2,0 %
Tal mottakarar av sosialhjelp	522	448	480	450

Indikatornamn	Resultat 2024	Resultat 2025	Anslag 2026	Planlagt 2027
Ungdom mellom 18-24 år som har motteke sosialhjelp	92	86	82	80

Oppvekst



Omtale av kommunalsjefområdet

Oppvekst er det største kommunalsjefområdet i kommunen og leverer viktige, lovpålagde tenester til barn, unge og familiar. Saman med dei andre tenestene skal Oppvekst sikra gode levekår, likeverdige tenester og ei berekraftig utvikling.

Oppvekst har tre sektorområde med følgande einingar:

- **Barnehage** - 11 kommunale barnehagar.
- **Skule** - 15 kommunale barneskular og 4 ungdomsskular, samt Gangstø ressurssenter som også er ein del av ungdomsskulen og PPR (Pedagogisk- psykologisk ressurssenter).
- **Barn- og familie** - Barnevern, Familiehelsetenesta, Familiehjelpa og Lærings- og integreringssenter.

Hovudutfordringar

For dei fleste barn og unge er Øygarden ein god kommune å veksa opp i. Mange elevar trivst og oppnår gode faglege resultat. Barn og unge har tilgang til eit breitt tilbod innan idrett, kultur og frivillig aktivitet. Kommunen har høgare medianinntekt enn fylket og landet elles, og færre barn veks opp i låginntektsfamiliar.

Samtidig peikar følgjande område seg ut og vil krevja særleg merksemd i økonomiplanperioden:

- Sosiale og geografiske skilnader påverkar utdanning, inntekt, helse, livskvalitet og deltaking. Mange unge står utanfor utdanning og arbeid, og vedvarande låg inntekt eller utfordrande omsorgstilhøve kan føra til utanforskap over tid.
- Fleire barn og unge opplever psykiske plager, einsemd og utanforskap. Mobbing og press frå sosiale medium påverkar trivsel, skulegang og framtidsutsikter.
- Talet på barn med samansette behov aukar. Dette gjeld mellom anna barn innan autismespekteret og barn som treng spesialpedagogisk eller individuelt tilrettelagd hjelp i barnehage og skule.
- Bekymringsfullt skulefråvær på mellomtrinnet og ungdomstrinnet aukar risikoen for fråfall i vidaregåande opplæring, sjølv om utviklinga viser positive teikn.

- Dei fleste foreldre er trygge og gode omsorgspersonar. Nokre familiar treng likevel støtte, mellom anna ved rusutfordringar, psykiske helseplager eller utfordringar knytte til språk og deltaking.
- Talet på flyktningar kommunen buset, har gått ned dei siste åra. Samstundes er god integrering framleis ei viktig oppgåve.
- Det er krevjande å rekruttera kvalifiserte fagfolk. Sjukefråvær og mangel på kvalifiserte vikarar skaper press på tenestene, særleg i barnehage, barnevern og skulehelsetenesta.
- Oppvekstreforma og barnevernsreforma har gitt kommunen større fagleg og økonomisk ansvar. Høge kostnader og behov for gode hjelpetiltak i heimen utfordrar tenestene.
- Demografiske endringar og stramme økonomiske rammer krev omstilling, effektiv ressursbruk og tydelege prioriteringar av kjerneoppgåvene

Dette skal vi oppnå

For å møta utfordringane innan oppvekstfeltet, skal kommunalsjefsområdet levera gode, heilskaplege og berekraftige tenester innanfor dei økonomiske rammene. For å lukkast skal Oppvekst utvikla tenestene gjennom samarbeid, læring og medverknad frå tilsette, barn, unge, familiar og samarbeidspartnarar. Kvalitetsdialogar og systematisk oppfølging skal styrkja kvaliteten og utvikla ei felles forståing av mål, utfordringar og prioriteringar.

I økonomiplanperioden skal Oppvekst bidra til å nå målet i samfunnsdelen om god livskvalitet for innbyggjarane i Øygarden. I tråd med føringane i samfunnsdelen og oppvekstreforma skal arbeidet ha hovudfokus på tidleg innsats, førebygging og heilskaplege tenester. Løysingar skal utviklast saman med innbyggjarar og lokale aktørar når dette gir betre kvalitet, auka deltaking og meir berekraftige tenester.

I samsvar med FNs barnekonvensjon artikkel 3 og Grunnlova § 104 har kommunen vurdert konsekvensane av budsjettet og økonomiplanen for barn og unge som ein del av planarbeidet. Omsynet til barnets beste ligg til grunn for prioriteringane i økonomiplanen.

Fleire av omstillingstiltaka, særleg innan oppvekstområdet, kan påverka barn og unge gjennom endringar i førebyggjande tenester, demografijusteringar og oppfølging av barn og unge med samansette behov. Samstundes vidarefører budsjettet sentrale lovpålagde tenester og prioriterer tiltak for barn og unge som treng særskild støtte og oppfølging. Økonomiplanen omfattar òg investeringar i ny ungdomsskule på Bildøyna og ny skule i Skålevika. På lengre sikt kan dette styrkja læringsmiljøet, kapasiteten og kvaliteten i opplæringstilbodet.

Det vert vurdert at budsjettet og økonomiplanen gir både positive og negative konsekvensar for barn og unge. Dei største negative konsekvensane er knytta til mindre handlingsrom innan førebyggjande og støttande tenester. Dei største positive konsekvensane er vidareføring av lovpålagde tenester, målretta innsats for utsette barn og unge og langsiktige investeringar i skulebygg og læringsmiljø. Den samla vurderinga er at dei negative konsekvensane er forsvarlege sett opp mot behovet for økonomisk berekraft og evna til å oppretthalda eit godt og framtidsretta tenestetilbod til barn og unge.

Konsekvensane for barn og unge skal følgjast opp gjennom styringsdialog, ordinær kvartalsrapportering og årsmelding. Utviklinga skal særleg vurderast gjennom indikatorar for skulefråvær og nærvær, læringsmiljø, resultat frå Elevundersøkinga, psykisk helse, deltaking i

fritidsaktivitetar, omfanget av spesialpedagogiske tiltak og levekårsutviklinga blant barn og unge. Dersom utviklinga viser vesentlege negative avvik frå føresetnadene i budsjettet og økonomiplanen, skal kommunen vurdera behovet for korrigerande tiltak.

Utvalde satsingar i økonomiplanperioden:

- Førebyggja omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar.
- Styrkja inkludering, deltaking og fellesskap for barn, unge og familiane deira.
- Gi rett hjelp til rett tid til barn og unge med psykiske plager og samansette behov.
- Styrkja språk, lesing, skriving og andre grunnleggjande ferdigheiter.
- Arbeida for at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring.
- Tilpassa tenestene til demografiske endringar og økonomiske rammer.
- Sikra god kvalitet, berekraftig ressursbruk og samordna tenester på tvers av sektorområda.

For å følgja opp satsingane er det utforma oppdrag til kvar sektor. Oppdraga konkretiserer satsingane og skal støtta opp under tidleg innsats, førebygging, inkludering og berekraftig tenesteutvikling.

Ressursinnsats

Generelt vert alle tiltak vidareført frå 2026 om det ikkje er omtalt spesielt i budsjettet for 2027.

- Levekårssatsing
- Lesesatsing i skulen
- Forprosjekt kommunalt butiltak/ avlastningstilbod - barnevern
- Barnevern, oppfølging tilsyn

Oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
Demografisk tilpassing og berekraftig organisasjonsstruktur	**Oppvekst** • Tilpassa kapasitet, organisering og bruk av ressursar i barnehage, skule, SFO og familiehelsetenester til den demografiske utviklinga, behova, lovkrava og dei økonomiske rammene til kommunen. • Gjennomføra omstillingstiltak og nytta ressursane best mogleg gjennom tydelege prioriteringar og god økonomistyring. • Arbeidet skal byggja på barnehage- og skulebruksplanen, ressurstildelinga og kvalitetsdialogane, og visa korleis lokale samarbeid, møteplassar og ressursar kan styrkja kvaliteten, auka deltakinga og skapa gode oppvekstmiljø.	Vi skal arbeida systematisk for å sikra at alle barn og unge som veks opp i kommunen har like moglegheiter.	Det er godt å veksa opp i Øygarden.

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
Førebygging og samordna oppfølging	**Oppvekst** • Vidareutvikla ein felles og heilskapleg praksis for tidleg innsats, foreldrestøtte og samordna oppfølging av barn, unge og familiar. Arbeidet skal byggja på førebyggande plan, BTI, stafettlogg og prinsippa i Landsbymodellen. • Styrkja samanhengen mellom tenestene og sikra aktiv medverknad frå barn og familiar, ved å ta utgangspunkt i styrkane, ressursane og måla til barnet og familien i oppfølginga. Ressursar i nærmiljøet skal mobiliserast når det er forsvarleg og ønskjeleg.	Gjennom tidleg innsats i barnehage, barne- og ungdomsskule skal vi arbeida for at alle barn og unge i Øygarden er godt rusta til vidare utdanning og arbeidsliv.	Det er godt å veksa opp i Øygarden.
Inkluderande praksis	**Oppvekst** • Vidareutvikla ein inkluderande praksis for barn og elevar med særskilde og samansette behov. • Sjå spesialpedagogiske tiltak, forsterka tilbod, tidleg identifisering og tverrfagleg samarbeid i samanheng, og slik sikra at fleire får rett støtte innanfor det ordinære fellesskapet. • Utviklingsarbeidet skal ta utgangspunkt i praksis som fremjar deltaking og meistring, og leggja til rette for deling av gode løysingar mellom einingane.	Vi skal arbeida for eit raust og inkluderande samfunn som fremjar identitet og fellesskap.	Det er godt å veksa opp i Øygarden.
Kvalitet, medverknad og utvikling	**Oppvekst** Vidareutvikla ei felles retning for Oppvekst med utgangspunkt i samfunnsdelen, eksisterande planar og etablerte satsingar ved å: • Utarbeide ein heilskapleg temaplan for oppvekst (oppvekstplan) • Bruka kvalitetsdialogar og utviklingsarbeid til å finna kva som verkar, kvifor det verkar, og korleis vi kan dela gode løysingar. • Bruka kompetansen, erfaringane og engasjementet til dei tilsette i utviklinga av tenestene og styrkja læring og samarbeid på tvers av einingar og sektorar. • Involvera barn, unge, foreldre, frivillige og lokale aktørar når det	Vi skal arbeida systematisk med kvalitetsutvikling som sikrar trivsel og læring i barnehage og grunnskule.	Det er godt å veksa opp i Øygarden.

Oppdrag	Beskriving	Strategi	Delmål
	kan styrkja kvaliteten og gi meir berekraftige løysingar.		
Psykisk helse og samansette behov	**Oppvekst** • Styrkja tidleg innsats og samordna hjelp til barn og unge med psykiske plager eller samansette behov i tett samarbeid med familiane. • Familiehjelpa, Familiehelsetenesta, barnevernet, barnehagane, skulane og andre relevante tenester skal nytta BTI og Landsbymodellen som ramme for heilskapleg oppfølging og rett hjelp til rett tid. • Oppfølginga skal byggja på meistring, styrkar og beskyttande faktorar, samstundes som risiko og hjelpebehov vert vurderte fagleg.	Vi skal arbeida førebyggande og tverrfagleg for å fremja god fysisk og psykisk helse hos innbyggarane våre, uavhengig av alder og funksjonsnivå.	Det er godt å veksa opp i Øygarden.
